Nytt om namn

Meldingsblad for Norsk namnelag

Nr. 18 - 1993

Oslo 1993

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken

Utgjevarstad:
Avdeling for namnegransking
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap
Universitetet i Oslo

Nr. 18 - 1993

Redaksjonen er avslutta 1. november 1993

Adresser:

Norsk namnelag, Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

Tidsskriftet "Namn og Nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 Bergen. Tlf. 55 21 24 22.

Meldingsbladet "Nytt om namn", Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

Bankgiro til Norsk namnelag: 8401.21.34427 (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 Bergen).

Kontingenten er 130 kroner for året.

INNHALD

Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking 4
Landsmøte i Norsk namnelag 5
Styremøte i Norsk namnelag 5
Møte i Samarbeidsnemnda for namnegransking 5
Den ellevte nordiske namneforskarkongressen 6
Namninstitutionerna i Uppsala arkivcentrum 7
Insjö-Esbo 11
Vektig artikkelsamling om eldre personnavn 12
Seminar i namnegransking 16
Samrådingsmøte for namnekonsulenttenesta 17
Stadnamnregistrering i Sogn og Fjordane 18
Forskrifter om skrivemåten m.v. av stadnamn 19
Ordforklaringar til forskriftene til stadnamnlova 29
Samiske hundenavn 31
Namn på statsinstitusjonar 33
Namn og Nemne nr. 9/10 33
Nye finske personnavnbøker 34
Namnetoppen 1992 35
Adresser og stadnamn. Del 2 36
Bok om listamålet 37
Place Names in Andebu 38
Andre lokale namnebøker 39
Norske namn i Midvesten 40
Norsk namnebibliografi 1991. Tillegg 40
Norsk namnebibliografi 1992 41

DEN 7. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING
Hovudemne: Stadnamn og kulturlandskapet
Tilskipar: Avdeling for namnegransking,
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo
Tid: Fredag 19. november 1993
Stad: Auditorium 2, Sophus Bugges hus, Blindern

PROGRAM

09.00 Opning ved Margit Harsson
Botolv Helleland: Nokre metodiske synspunkt på temaet for konferansen
09.15 Jan Paul Strid: Kulturlandskapets språkliga dimension: Ortnamnen
10.00 Spørsmål og diskusjon
10.15 Kaffipause
10.45 Johan Christian Keller: Arkeologens kulturlandskap
11.05 Ola Melby: Namn i OL-bygder. Om gardsskipnad og gardsnamn i Sør-Gudbrandsdalen i jern- og høgmellomalderen
11.25 Arne Lie Christensen: Etnologens kulturlandskap
11.45 Lil Gustafson og Eivind Hartmann: Konsekvensanalyser ved store inngrep i kulturlandskapet
12.05 Diskusjon
12.30 Lunsj
13.30 Anne Svanevik: Navn på kart som refleks av kulturlandskapet
13.50 Vidar Asheim: Stedsnavn som kulturspor i landskapet
14.10 Diskusjon
14.20 Kaffipause
14.50 Fra urskog til åkerbrukslandskap. Finnskogen som eksempel.
Birger Nesholen: Prosessen urskog — svedjebruk — åkerbrukslandskap
Tuula Eskeland: Hva forteller stedsnavn om utviklingen av kulturlandskapet på Finnskogen?
15.30 Diskusjon
15.40 Leiv Olsen: I kva grad kan stadnamn på *Finn-* vere minne om samisk fortid?
16.00 Finn Myrvang: Kulturlandskapet i lys av samiske stadnamn
16.20 Johannes Gjerdåker: *Helgaset* i kulturhistorisk lys
16.40 Diskusjon. Oppsummering ved Jørn Sandnes
17.00 Konferansen slutt
17.30 Landsmøte i Norsk namnelag (same stad)

Påmelding til Avdeling for namnegransking, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo, tel. 22 85 43 75. Deltakaravgift: kr 100,- som inkluderer kaffi/te og kringle to gonger og konferanserapport. Lunsjen på studentkantina Fredrikke betaler kvar enkelt sjølv.

LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG

Det vert med dette kalla inn til landsmøte i Norsk namnelag, fredag 19. november 1993 kl. 17.30 (etter namnekonferansen) i Auditorium 2, Sophus Bugges hus, Blindern.

Sakliste

1. Verksemda i Norsk namnelag 1991-93
2. Tidsskriftet Namn og Nemne
3. Meldingsbladet Nytt om namn
4. Rekneskap
5. Val
6. Ymse

STYREMØTE I NORSK NAMNELAG

Styret i Norsk namnelag og redaksjonane for Namn og Nemne og Nytt om namn skal ha møte torsdag 18. november 1993 kl. 18 på Avdeling for namnegransking for å førebu landsmøtesaker dagen etter.

MØTE I SAMARBEIDSNEMNDA FOR NAMNEGRANSKING
Blindern, 20. november 1993

Samarbeidsnemnda for namnegransking skal på dette møtet m.a. drøfta Dokumentasjonsprosjektet. Dette prosjektet tek sikte på å leggja i database ulike slags kulturhistoriske materialsamlingar ved universiteta, m.a. ord- og namnesamlingar. Føremålet med drøftingane er å koma fram til ein sams prosedyre for dataregistrering. Samarbeidsnemnda vil òg ta opp dei nye forskriftene til stadnamnlova for å vurdera kva konsekvensar dei vil få for det framtidige namneverket. Møtet skal vera i seminarrom 526, 5. etasje i Henrik Wergelands hus. Medlemmene har fått særskild innkalling.

DEN ELLEVTE NORDISKE NAMNEFORSKARKONGRESSEN

Sundvollen ved Tyrifjorden
19. — 23. juni 1994

Innbyding til kongressen er tidlegare send til alle som er med i NORNA og i Norsk namnelag (sjå *Nytt om namn* nr. 17, s. 5). Frist for førebels påmelding var 1. juli. Det kom ca. 85 påmeldingar, av dei 37 med foredrag. Det er plass til fleire deltakarar, så om nokon gløymde seg i første runde, men likevel vil vera med, kan dei seie frå til Avdeling for namnegransking — men helst så snart som råd. Nytt rundskriv vart utsendt 1. november, men det gjekk berre til dei som alt var påmelde. Siste frist for påmelding, nøyaktig foredragstittel, avgifter o.l. er 1. mars 1994.

Dei innmelde foredraga fordeler seg med 13 på emne I: Onomastikken i faghistorisk og vitskapsteoretisk lys, og med 24 på emne II: Namnemønster i regional og kronologisk variasjon. Responsen vart langt over det vi torde å håpe på, og programmet er allereie fullt. Det er meininga å setje av dei to første dagane (19.-20. juni) til emne I og dei to siste (22.-23. juni) til emne II. Dei som har meldt seg til emne I, får éin time kvar medrekna diskusjon. På emne II blir det 45 minutt medrekna diskusjon. I tillegg blir vi nøydde til å ha to parallelle seksjonar, i alle fall den eine dagen.

Kongressen tek til **søndag 19. juni kl. 13.45** og blir avslutta **torsdag 23. juni kl. 13.00** (lunsj etterpå). Tidspunkta er nyttige å ha når ein skal bestille reise. Som tidlegare nemnt blir det heildagsekskursjon tysdag 21. juni. Siste økta onsdag blir sett av til NORNA-forhandlingar, med rapport om verksemda, drøfting av arbeidet framover, val av nytt styre osv. Det er grunn til å presisere at styremedlemmer kan attveljast. Slik det var formulert førre gongen, kunne det verke som at alle må tenkje ut *nye* kandidatar, men det trengst altså ikkje. Måndagskvelden blir det omvising i Statens kartverk ved Hønefoss og tur til Kongens utsikt ovanfor Sundvollen. Tilboda er tenkte som alternativ, men det går fint an å ta Kartverket først og Utsikten etterpå. Kvelden er lang på denne årstida.

Alle forespørsler skal rettast til Avdeling for namnegransking, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo, tlf. 22 85 43 75. Hovudansvarleg for arrangementet er Margit Harsson, tlf. 22 85 43 77. Ansvarleg for foredragsdelen er Kristoffer Kruken, tlf. 22 85 47 98.

Hjarteleg velkomne!

NAMNINSTITUTIONERNA I UPPSALA ARKIVCENTRUM

Den 7 december 1992 flyttade de tre namninstitutionerna, Ortnamnsarkivet i Uppsala (OAU), Seminariet för nordisk namnforskning och Arkivet för ordbok över Sveriges medeltida personnamn (SMP), in i nya lokaler i Uppsala arkivcentrum, Dag Hammarskjölds väg 19. Ett halvår senare flyttade även Landsarkivet in i arkivcentret. Flyttningen var en följd av många års utredningar och planering.

Seminariet för nordisk namnforskning är en institution vid Uppsala universitet. OAU och SMP tillhörde fram till och med juni 1993 myndigheten Dialekt- och ortnamnsarkiven samt svenskt visarkiv (DOVA). 1987 blev DOVA i egenskap av myndighet under regeringen med färre än 100 anställda föremål för översyn av Statskontoret i samråd med Riksrevisionsverket. Statskontoret föreslog härvid att det borde utredas huruvida DOVA arkiven organisatoriskt kunde knytas till universiteten på de orter till vilka de är förlagda. 1989 uppdrog regeringen åt Statskontoret att i samråd med Universitets- och högskoleämbetet utreda möjligheterna för detta. I den rapport som följde året därpå föreslog Statskontoret att DOVA, som har merparten av sina funktionella kontakter med institutioner för forskning och forskarutbildning inom universiteten eller med amatörinriktad hembygdsforskning, administrativt skulle knytas till Uppsala universitet. Statskontoret fann vidare att de fortlöpande kraven på omprövning och förnyelse skulle fordra förstärkta funktioner och resurser för ledning och styrning.

Efter den följande remissbehandlingen fann dock regeringen att ytterligare överväganden borde ligga till grund för en framtida organisation, och 1991 tillkallades en särskild utredare, Åke Hyenstrand, med uppdraget att utreda DOVA-arkivens framtida verksamhet och organisation. Hyenstrand presenterade året därpå Det dolda kulturarvet. Betänkande av Utredningen om Dialekt- och ortnamnsarkivens samt svenskt visarkivs verksamhet och organisation (SOU 1992:142). Av regeringens senare proposition, godkänd av riksdagen 1993-06-03, framgår att arkiven skall bibehållas i en särskild myndighet, benämnd *Språk- och folkminnesinstitutet*. Det skall ankomma på myndigheten att samla in och dokumentera det talade språkliga kulturarvet. Genom insamlingsarbete skall myndigheten bygga upp arkiv, som skall ges sedvanlig arkivvård. Kännedom om arkiven skall spridas genom att innehållet systematiseras, bearbetas och publiceras. Myndigheten är framför allt inriktad på forskning. Insamling, bearbetning och publicering är ett led i en systematisk och långsiktig kunskapsuppbyggnad av det immateriella kulturarvet. Myndigheten skall också vara en aktivt kulturvår-

dande institution, vilket bl.a. innebär att föra landets ortnamnstradition vidare i ett officiellt namnbruk.

Det nya institutet skall ledas av en direktör, som vid sin sida skall ha en styrelse bestående av högst nio ledamöter inklusive direktören. Styrelsen skall fatta beslut om institutets anslagsframställning och årsredovisning samt om arbetets vetenskapliga inriktning och allmänna uppläggning.

Seminariet för nordisk namnforskning

Seminariet för nordisk namnforskning, en avdelning inom Institutionen för nordiska språk med professor Thorsten Andersson som avdelningsföreståndare, har alltifrån sin tillkomst 1930 varit samlokaliserat med OAU; båda institutionerna hade Jöran Sahlgren som sin förste chef. När Sahlgren emeriterades från sin personliga professur i nordisk ortnamnsforskning 1950, ombildades professuren till en professur i nordiska språk, särskilt ortnamnsforskning. Men ända till 1960 var professuren förenad med chefskapet för arkivet. Då delades tjänsten i en professur och en arkivchefstjänst.

Seminariet har inom ämnet nordiska språk ansvar inte bara för ortnamns- utan också för personnamnsforskning. Fr.o.m. den 1 juli 1994 kommer professuren att ombenämnas till en professur i nordiska språk, särskilt namnforskning. Undervisningen i namnforskning vänder sig inte bara till studerande inom ämnet nordiska språk. Varje år ges en kurs om ortnamn och personnamn för studerande från andra ämnen, t.ex. arkeologi och historia, som för sin forskning behöver kunskaper i namnforskning.

Till Seminariet för nordisk namnforskning är knutna redaktionerna för två tidskrifter inom namnforskning, Namn och bygd. Tidskrift för nordisk ortnamnsforskning, grundad 1913 av Jöran Sahlgren, som f.n. utges av Thorsten Andersson, och Studia anthroponymica Scandinavica. Tidskrift för nordisk personnamnsforskning, grundad 1983 av Thorsten Andersson och Lena Peterson.

Ortnamnsarkivet i Uppsala

Ortnamnsarkivet i Uppsala är ett språkvetenskapligt forskningsinstitut, f.n. lett av författaren som tillförordnad chef. Arkivet har till uppgift att bedriva vetenskaplig publicering och ge forskarhandledning kring samlingar och bibliotek. Undersökningsområdet omfattar hela landet utom Skånelänen, Göteborgs och Bohus län samt Norrbottens och Västerbottens län (för dessa områden svarar Dialekt- och ortnamnsarkivet i Lund, Dialekt-, ortnamns- och folkminnesarkivet i Göteborg resp. Umeå).



Arkivet har till uppgift att bearbeta det insamlade materialet och publicera detta härads- eller kommunvis i serien Sveriges ortnamn. Här ges tolkningar av de enskilda by- och gårdnamnen, och här redovisas äldre skriftformer och dialektuttal. I serien är ortnamnen i Skaraborgs, Värm-

lands och Älvsborgs län och bebyggelsenamnen i Hallands län behandlade i sin helhet. Delvis behandlade är Blekinge, Jämtlands, Jönköpings, Kopparbergs, Västernorrlands, Västmanlands och Östergötlands län. Bearbetning pågår också för Uppsala och Örebro län.

En angelägen uppgift för Ortnamnsarkivet är att hjälpa forskare och allmänhet med allehanda upplysningar om ortnamn. Arkivets samlingar är tillgängliga för besökare dagligen under kontorstid. Personalen står gärna till tjänst med råd och upplysningar. De som inte har möjlighet att besöka arkivet kan ringa eller skriva och be om upplysningar om t.ex. enskilda namntolkningar eller äldsta omnämnanden av namn.

I arkivets uppgifter har hittills ingått myndighetsfunktionen att yttra sig i ärenden om fastställande av ortnamn samt att granska förslag till namn på allmänna kartor. Denna myndighetsfunktion kommer i fortsättningen att åvila det nyinrättade Språk- och folkminnesinstitutet. För by- och gårdnamnen i fastighetsregistret är Lantmäteriverket högsta beslutande instans, men ärenden som rör ändring av registernamn har remitterats till Ortnamnsarkivet. I det nu snart avslutade arbetet med omläggningen av detta register från socken- till kommunindelning har speciell personal på arkivet granskat alla namn i det nya registret.

Sveriges medeltida personnamn

Arkivet för ordbok över Sveriges medeltida personnamn är från början ett språkvetenskapligt projekt, initierat av Ivar Modéer 1943. Tanken var att samla in hela den medeltida svenska personnamnsskatten. Både förnamn och binamn har excerperats ur alla kända medeltidsdokument med undantag av runinskrifterna.

Till att börja med drevs verksamheten av Personnamnskommittén inom Vitterhets Historie och Antikvitets Akademien. 1984 fick projektet status som arkiv inom dåvarande DOVA-myndigheten.

SMP, som leds av arkivchef Evert Melefors, har till huvuduppgift att publicera ordboken Sveriges medeltida personnamn. Från 1967 har hittills utkommit 9 häften, och det tionde häftet, som går fram till namnet *Hans* och kommer att avsluta band 2 av beräknade 5, beräknas utkomma inom kort.

Förutom uppgiften att redigera ordboken har SMP uppgiften att bevara och ordna upp de stora namnsamlingarna samt att hålla dem tillgängliga för forskare och allmänhet. Förutom språkvetare med inriktning på namn har också personhistoriker och genealoger, kyrko- och kulturhistoriker här tillgång till ett ofantligt rikt och intressant material. Även släktforskare kan ha glädje av samlingarna.

Det har inneburit stora vinster för våra respektive institutioner med flyttning till Uppsala arkivcentrum. De tidigare lokalerna var utnyttjade till bristningsgränsen. Seminariet har erhållit tjänsterum även för doktorander. Samlingarna i arkiven växer kontinuerligt, och de har i det nya arkivcentret beretts betydligt större utrymme. De bägge arkivinstitutionerna kan också i mycket större omfattning än tidigare erbjuda plats för besökande forskare.

En annan betydande vinst är att de tre namninstitutionerna i Uppsala får lokaler på samma ställe. Fördelarna med att samlokalisera namnarkiven, OAU och SMP, är helt uppenbara. Seminariet för nordisk ortnamnsforskning och Ortnamnsarkivet har växt fram sida vid sida och har alltid haft lokalmässig anknytning till varandra. Namnarkiven och seminariet är ömsesidigt beroende av varandra inom det gemensamma ämnesområdet och har bl.a. bibliotek och kartsamlingar som kompletterar varandra. Också samlokaliseringen med Uppsala landsarkiv innebär fördelar för de berörda institutionerna; i landsarkivet finns t.ex. jordeböcker, husförhörslängder och andra handskrifter, som används i bearbetningen och publiceringen.

Samtidigt som detta skrivs förbereds en publikation, Uppsala arkivcentrum. Skrift utgiven till invigningen den 26 november 1993, där alla de ingående institutionerna utförligt presenteras.

Eva Brylla
Uppsala

INSJÖ-ESBO

Dette kryptiske namnet er eitt av dei mange uttrykka for stadnamnengasjementet til den finske bykommunen Esbo like vest for Helsingfors. Esbo har ei underavdeling i byplankontoret som heiter *Namnenheten* der det er tilsett personale med namnefagleg bakgrunn. Boka *Insjö-Esbo. Dess vattennamn, natur, historia och framtid*, som er redigert av Sirkka Paikkala, tek på ein grundig og engasjerande måte for seg vel 120 innsjønamn og ser dei i ein geologisk, kulturhistorisk og språkleg samanheng. Boka er rikt illustrert med kart og fotografi, også nokre i fargar. Ein må berre ta av seg hatten overfor ein slik kommunal innsats. Når får t.d. Bergen ei eiga kommunal avdeling for stadnamnrøkt?

BH

VEKTIG ARTIKKELSAMLING OM ELDRE PERSONNAVN

Personnamn i nordiska och andra germanska fornspråk. Handlingar från NORNA:s artonde symposium i Uppsala 16–19 augusti 1991. Red. av Lena Peterson. (NORNA-rapporter 51.) NORNA-förlaget. Uppsala 1993. 176 s.

Rapporten gjengir foredrag og diskusjoner fra et symposium ved samme navn som ble avholdt i Uppsala 16. - 19. august 1991. Den er forbilledlig redigert av Lena Peterson. Boka er blitt på 176 sider, og inneholder foruten forord, åpningstale ved Thorsten Andersson, 11 artikler (dels utvidet i forhold til foredraget), 2 resyméer av foredrag som har blitt eller skal publiseres andre steder, referater fra alle 13 diskusjonssesjonene og et komplett personnavnregister. Boka inneholder mye variert og vektig stoff og burde være av stor interesse både for person- og stedsnavnforskere, runologer og andre forskere i eldre germanske språk.

Bokas potensielt brede nedslagsfelt er selvfølgelig en refleks av fagfeltene til de ulike foredragsholderne, men det er også en naturlig følge av alle de ulike vinklene man kan nærme seg studieobjektet navn fra. Boka er i så måte en katalog over metoder og problemstillinger som preger personnavnforskningen i dag. Likevel er den i så måte ikke helt representativ. Den inneholder nemlig lite av det Thorsten Andersson i hilsningstalen sin kritisk beskriver som personnavnforskningens slagside i regnestykkeretningen eller vitenskapen som prosentregning. Emnet for personnavnsymposiet ble da også i sin tid foreslått av Andersson som en motvekt mot denne typen "prosentforskning".

Hva slags problemstillinger og metodiske grep er det så vi blir presentert for i rapporten? Ett utgangspunkt for å skrive om urnordiske navn er at man primært er interessert i språksteget. Og navn utgjør som kjent en stor og kanskje den lettest identifiserbare delen av de eldre runeinnskriftene. Hans Frede Nielsen har dette utgangspunktet. Hans materiale er fire navn fra det relativt nye Illerupfunnet, men det er som grammatiske vitnesbyrd, ikke som navn, at de har interesse for Nielsen. Tilsynelatende avvikende *o*-endelser i navn med mest sannsynlig maskuline referenter, blir brukt for å legitimere teorien om at de eldste nordiske runeinnskriftene dokumenterer et felles nordvestgermansk språksteg, ikke kun et urnordisk. Endelsen *-o* i runeinnskriftene tolkes som en felles nordvestgermansk forløper for de seinere maskuline *a*-stammene. Artikkelen er svært teknisk og kompakt for en ikke-germanist, men viser med all tydelighet at navn i så gammelt materiale som det her er snakk om, krever annen behandling enn moderne navn. Når tolkningen av enkeltnavn innebærer betydelig usikkerhet, spørs det hvilken verdi generaliseringer over slike belegg har.

Det samme poenget kommer fram i John Kousgård Sørensens, Eva Bryllas og for en del i Ole Jørgen Johannessens artikler. Også Anne Haavaldsens foredrag (her bare i resymé) hadde som hovedpoeng vanskene med å få etablert et pålitelig korpus av runenavn som kan danne basis for videre navnespesifikke analyser. John Kousgård Sørensen etterlyser en ordbok over urnordiske personnavn, en etterlysning de fleste navneforskere vil slutte seg til, men som på grunn av materialets karakter kan bli vanskelig å realisere. Dette ble da også påpekt av runologer i diskusjonen etter foredraget.

Eva Bryllas problem er det samme: Hvordan etablere et pålitelig korpus av tilnavn på basis av det urnordiske runematerialet? Bryllas tilnærming er navneforskerens. Hun tar sitt utgangspunkt i og med runologens tolkning av innskriftene, og lener seg deretter på navneforskningens definisjoner og prøver å tilpasse kriteriene til det foreliggende materialet. Dessuten prøver hun ved tilbakeslutning å bruke det navneforskerne kan om moderne tilnavns semantiske og morfologiske karakteristika til å identifisere tilnavna i runematerialet. Artikkelen er metodisk interessant: Hvor langt kommer man i denne materien ved å bruke navnespesifikke metoder, og hvilken verdi har resultatene? Bryllas forsøk viser i miniatyr de problemene man ville få i arbeidet med et urnordisk personnavnleksikon. Foruten problemene av rent runologisk karakter skal man også klare å skille navn fra appellativ, kvinnenavn fra mannsnavn og tilnavn fra vanlige fornavn i svært kontekstfattige tekster. Og den underliggende tvilen er der hele tida: Hvilken verdi har materialbehandlinger når det hefter så stor usikkerhet ved tolkningen av enkeltforekomstene?

Ole Jørgen Johannessen støter på de samme problemene i sin artikkel om patronymer i de yngre vestnordiske runeinnskriftene. Han er smertelig klar over tolkningsproblemene og bruker etter hvert stor plass på å gjøre rede for enkeltbelegg. Når jeg synes Johannessens grep om emnet ikke er helt vellykket, henger dette mer sammen med hvordan problemstillingen hans er formulert. Han tar utgangspunkt i John Kousgård Sørensens bok *Patronymer i Danmark 1* (1984), der Kousgård Sørensen (s. 10) skiller mellom 1) patronymiske bestemmelser som "oplyser om den pågældende genealogiske forbindelse", 2) primære og 3) sekundære patronymer. Kousgård Sørensen trekker grensa mellom proprier og ikke-proprier mellom 1 og 2, og bruker sammensetningsstatus som det viktigste kriteriet på at man har med et patronym (dvs. proprium) å gjøre. Dette følger Johannessen opp og spør innledningsvis om det finnes patronymika dvs. proprier i det aktuelle materialet.

Slik spørsmålet er formulert, gir det etter min mening artikkelen et uheldig startpunkt. Kousgård Sørensens tredeling kommer ikke fram i Johan-

nessens versjon; hovedskillet for Johannessen går mellom ikke-proprier og proprier. De primære patronymene plasserer han da i tråd med Kousgård Sørensen blant propriene. Etter min mening må propriumsgrensa gå mellom de primære og de sekundære patronymene, og det er ikke et formelt kriterium (sammensetningsstatus), men et semantisk som i siste instans må avgrense propriene (patronymet er blitt et arvelig slektsnavn med mangel på semantisk motivasjon). Dette utdyper jeg i mitt innlegg på slektsnavnkonferansen i Oslo 1992. (Rapporten er under utarbeidelse.) Johannessen bruker også termer som "ekte" og "egentlig" patronym synonymt med "proprium" i framstillingen, noe som ytterligere grumser til emnet. Selv om forfatteren gjennomfører en stringent drøfting ut fra sine egne definisjoner, mener jeg det terminologiske grepet hans må bære skylden for at man snakket forbi hverandre i den påfølgende diskusjonen. Der fikk forøvrig Lena Peterson betimelig nok siste ordet. Hun fant det nødvendig å presisere at et slektsnavn ikke er et ekte patronym, og at et ekte patronym ikke er et navn.

En naturlig konsekvens av tolkningsproblemene ved enkeltnavn og dermed vanskene med å etablere korpus man kan generalisere over, er nettopp å skrive om enkeltnavn eller enkeltbelegg. Denne innfallsvinkelen blir brukt i fire artikler. Evert Melefors skriver om *Hákon*, Svante Strandberg om *Budde*, Kees Samplonius om runebelegget **kunuar** og Peter Pieper om *Amelgund*. Både Melefors og Strandbergs artikler er bunn solide. Her levnes ingen stein usnudd. Artiklene minner i mangt om hverandre i metode og faglig grundighet. Begge forfattere anvender etymologisk metode i kombinasjon med navnetypologiske resonnementer. En forskjell er likevel at Strandberg veier alternativene bedre mot hverandre og til slutt inntar en egen posisjon. Melefors på sin side avslutter med indirekte å etterlyse en grundigere etymologisk undersøkelse av navnet *Hákon*. Men framstillingen viser jo at Melefors er fullt skikket til dette selv! Derfor er det synd at artikkelen mangler en samlet konklusjon.

Peter Piepers (i resymé) og Kees Samplonius' artikler er skrevet med runologisk utgangspunkt, ett enkelt belegg blir tolket. Til Samplonius' forsøk på å etablere et mannsnavn **Gunnvarr* på basis av belegget **kunuar** i stedet for å lese inn kvinnenavnet *Gunnvǫr*, må det sies at han vektlegger argumentene noe uventet. Hypotesen om at **kunuar** i innskriften fra Brobyholm (Sm 96 B) skulle referere til en mann, blir ikke styrket av at alle de andre sammenlignbare belegg **kan** referere til kvinner, og at flere av dem **må** gjøre det. Når så det foreligger en nylesning av innskriften som gjør lesningen *móður* for **buþur** sannsynlig, og tatt i betraktning av at noe navneledd *-verr*, *-varr* ikke er sikkert påvist ellers i Norden, svekker dette hypotesen innled-

ningsvis. Hans videre anstrengelser for å styrke den overbeviser ikke, og tolkningen vant da også liten gjenklang i diskusjonen etter foredraget.

Rent onomastiske problemstillinger blir tatt opp av Thorsten Andersson, Marianne Blomqvist, Arend Quak, og artig nok av runologen Henrik Williams. Anderssons artikkel griper som vanlig til kjernen av et problem, der han med suverent oversyn stiller til skue alle aspekter ved det. Problemet denne gangen er skillet mellom profant og sakralt i klassifiseringen av personnavn. Etter å ha drøftet grundig to såkalte "case studies", pedagogiske eksempler, sitter vi som lesere igjen med bedre grunnlag for å ta termene "sakralt" og "profant" i bruk på mest mulig sakssvarende måte samtidig som vi har fått mye annen kunnskap underveis.

Marianne Blomqvist behandler innlån av tyske navn til Finland i middelalderen. Hun tar opp frekvenser, geografisk og sosial fordeling og avslutter med å se på de tyske middelalderlige lånenavnas videre skjebne i Finland. Innlegget fungerte ypperlig som foredrag, det var pedagogisk og klart, men som artikkel ville det tjent på en bredere dokumentasjon og ikke minst grundigere forklaringer på de mange interessante enkeltproblemene som stilles. Forskjellen mellom innlegg og artikkel blir særlig tydelig i lys av at andre har trykt utvidede versjoner av sine foredrag.

I Arend Quaks artikkel finner man etter min mening det eneste snevet av sykdommen "procentitis". Emnet hans er nederlandske "Hörigennamen" i middelalderen. "Hörigennamen" kan her nærmest oversettes med "leilendingsnavn". Etter mønster av en studie av Heinrich Löffler (1969) forsøker han å finne korrelasjoner mellom sosial klasse og navnestruktur. Emnet er interessant, men fremstillingen skjemmes av overdrevne prosentangivelser, som at 12 av 45 utgjør 26.66%, eller at 9 av 45 utgjør 21.95%. Når antallet belegg er så lavt som dette, gir to desimaler et misvisende nøyaktig inntrykk. Jeg lurer også på om Quaks påviste korrelasjoner er statistisk signifikante. For eksempel trekker han den slutningen at der på noen punkter er tydelig forskjell ("deutlichen Unterschied") mellom "Zeugen" og "Hörigen" i tabell 2 (s. 167). Dette skjer på bakgrunn av prosenttall som 4.1% (35 av 850) mot 2.2% (7 av 321) og 2.9% (25 av 850) mot 1.5% (5 av 321). Når grunnlagsmaterialet ikke er større enn her, ville ett tilleggsbelegg til de 5 i siste eksempel, heve prosenten fra 1.5 til 1.8, og to i tillegg ville heve den til 2.2. Skulle det f.eks. dukke opp et diplom der tre leilendingsbrødre har navn på *Heri-* etter variasjonsprinsippet, ville forskjellen så å si være opphevet. Grunnlaget for disse talla utgjøres jo av tilfeldige og ikke nødvendigvis representative relikter av et mye større personnavnforråd, og man kan spørre seg om det går an å generalisere på grunnlag av de korrelasjonene som her påvises.

Til slutt må nevnes at Henrik Williams er navneforsker og ikke runolog i sin artikkel om Ó-navn. Han ser på navn av typen *Óspakr* og *Ótryggr* samlet, og drøfter dem med hensyn til frekvens og andreleddas opprinnelige ordklassetilhørighet og semantikk. Som avslutning stiller han opp en hypotese om hvordan navnetypen har oppstått og vunnet utbredelse. Artikkelen har et godt utgangspunkt og blir solid gjennomført. Som Williams påpeker, er det rimelig å anta at navna har oppstått som tilnavn og vunnet utbredelse bl.a. ved oppkallingsskikken. Det er ingen motsetning mellom navnas nedsettende betydning og popularitet. En slik oppfatning har som premiss at vikingetidsmennesket forholdt seg til personnavna sine som etymologer. Grunnlaget for at navnemote oppstår bør like lite den gang som nå søkes i navnas etymologi, men heller i faktorer som har med fonologi, valør og navnebærernes status å gjøre. I denne forbindelse har Williams et godt poeng. Hvis disse navna som tilnavn er uttrykk for vikingidealer, kan hjemvendte vikingers høye status nettopp være en slik faktor som fremmer navnemote uavhengig av navnas etymologi. Spørsmålet er om navnegruppens relative størrelse kan være en faktor som betinger produktivitet også i middelalderen til tross for at vikingtidsidealene må antas å være kommet i bakgrunnen. Selv om Williams innledningsvis avviser tanken om variasjonsprinsippets rolle i utbredelsen av denne navnetypen, kunne kanskje nylagingene i middelalderen vurderes i lys av dette prinsippet.

Rapporten er innholdsrik og tankevekkende. Diskusjonsreferatene har også atskillig av interesse. Mine kommentarer avspeiler bare én måte å lese boka på. Forskere med høyst ulike interesser vil ha utbytte av artiklene, og lesemåtene av dem skulle følgelig være mangfoldige.

Kristin Bakken
Oslo

SEMINAR I NAMNEGRANSKING

Landslaget for lokalhistorie arrangerte seminar i namnegransking i Kristiansund 11.-12. juni. Foredraga første dagen var **Ola Stemshaug**: Bruken av sagalitteratur i lokalhistoriske framstillingar, særleg med tanke på personnamn, og **Jørn Sandnes**: Frå Sørby til City Syd. Gamle og nye stadnamn som kulturminne. Andre dagen tala desse: **Gudlaug Nedrelid**: Om namneskikken på Sør- og Vestlandet med utgangspunkt i folketeljinga 1801 og med særleg vekt på slektsnamn, **Anne Svanevik**: Dagens norske personnavnskikk, med spesiell vekt på moteretninger, lokal variasjon og lovgivning, og **Terje Larsen**: Loven om stadnamn. Kulturminnevern eller namnebyråkrati? Landslaget hadde samtidig landsmøte. Foredraga skal trykkjast i Heimen i eit temanummer om namn i lokalhistorisk samanheng.

SAMRÅDINGSMØTE FOR NAMNEKONSULENTTENESTA
på Hønefoss

Frå tysdag 28.9. til fredag 1.10.93 var dei regionale namnekonsulenttenestene samla for tredje gong, og som i fjor var møtet lagt til Hønefoss. Fyrste delen var eit fellesmøte med Statens kartverket, der både dei namneansvarlege ved fylkeskartkontora og Namnerådet i Kartverket var med. Hovudemnet på denne fellesdelen var **praktisk saksbehandling** og **samarbeidet med kommunane**, men deltakarane fekk dessutan eit 4-timars innføringskurs i Sentralt stadnamnregister (SSR).

Saksbehandling var òg eit sentralt emne på det interne konsulentmøtet. Etter at stadnamnlova har verka i to år, har ein sjølvsagt gjort ein del erfaringar, og det har m.a. synt seg at saksbehandlinga i ein del saker har vore mangelfull. Det er namnekonsulentane som har ansvar for at saksbehandlinga er i samsvar med regelverket, og det er derfor viktig at det er lagt opp til gode rutinar i dette arbeidet. Særleg gjeld dette saker der eit namn har ulike funksjonar. Same namnet kan t.d. vere både bruksnamn, tettstadnamn, poststadnamn og namn på ein haldeplass, og i slike tilfelle er hovudregelen at namnet skal ha berre éin skrivemåte for kvart språk. Eit forhold som kompliserer slike saker, er at det er ulike organ som fastset skrivemåten i dei ulike funksjonane. Kartverket er vedtaksorgan for nedervde bruksnamn, kommunen for tettstadnamn og namn på kommunale haldeplassar, medan Postverket fastset skrivemåten for poststadnamn.

Ei økt var sett av til orientering om arbeidet i klagenemnda for stadnamnsaker. Talet på klagesaker har vorte mykje høgare enn ein hadde tenkt seg, og nemnda kjem til å ha åtte møte i 1993. Det er særleg **bruksnamn** det blir klaga på, og nemnda understreka at det er mange omsyn å ta, og at desse omsyna må vegast mot kvarandre i ei heilskapsvurdering.

Faglege spørsmål vart òg drøfta, m.a. skrivemåten av ordet **tjørn/tjern**, som er høgfrekvent i stadnamn. Uttalen med **nn** er svært utbreidd, og enkelte fylkeskartkontor har allereie vedteke å nytte skrivemåten **tjønn/tjenn**, mot tilrådingane frå namnekonsulentane. Møtet ser det som uheldig at fylkesgrensene og ikkje dialektgrensene avgjer skrivemåten av namn, og fordi dei nye forskriftene enno ikkje er vedtekne, vart det vedteke å sende ei oppmoding til departementet om å opne for skrivemåten **tjønn/tjenn**, men da som ei **nasjonal** og ikkje regional eller lokal løysing.

Neste samrådingsmøte blir halde i Guovdageaidnu (Kautokeino) 15. - 18. september 1994.

Terje Larsen
Oslo

STADNAMNREGISTRERING I SOGN OG FJORDANE

Frå bladet *Kjelda* nr. 3 1993 (s. 9) saksar vi følgjande artikkel om stadnamnprosjektet i Sogn og Fjordane:

I 1985 og 1986 gjennomførte Fylkesarkivet og alle dei 26 kommunane i fylket eit stort stadnamnprosjekt. Målet var å sikra mest mogeleg av dei stadnamna som framleis var kjende mellom eldre folk. Det vart tilsett to personar i prosjektleiinga ved Fylkesarkivet og ein innsamlingsleiar i kvar av dei 26 kommunane. Sjølve hovudaksjonen vart avslutta i 1986, men det har vore gjort ein del etterrakst etter den tid. Status i kommunane i dag ser slik ut:

Flora	7447	Askvoll	10877
Gulen	3533	Fjaler	15565
Solund	9622	Gaular	9224
Hyllestad	5494	Jølster	15174
Høyanger	13055	Førde	8948
Vik	7238	Naustdal	9235
Balestrand	7704	Bremanger	14554
Leikanger	9719	Vågsøy	3935
Sogndal	10971	Selje	7150
Aurland	9398	Eid	1012
Lærdal	8725	Hornindal	2477
Årdal	2553	Gloppen	6283
Luster	9914	Stryn	17963

Samla utgjer dette 227.770 stadnamn. Lista er ikkje heilt a jour for Hyllestad og Balestrand, og ho omfattar berre stadnamn som vart samla inn etter den metoden aksjonen nytta. Fylkesarkivet har fått inn ein del anna stadnamnmateriale òg, m.a. frå Gloppen. I alt er det kome inn kring 250.000 stadnamn.

I kommunane Gulen, Årdal, Luster, Flora og Eid står det att ein del innsamlingsarbeid på økonomisk kartverk. I fjellområda er det vanskeleg med kart, og fleire av kommunane i fylket har att ein del arbeid med namn i fjella. Dette er ikkje ei svært omfattande oppgåve, men bør gjerast med det første. Eit anna område som er ugjort, er namn på fiskemed. Noko er gjort, men her står det att arbeid.

Fylkesarkivet produserer stadnamnkatalogar og fylkeskartkontoret stadnamnkart til kommunar som ynskjer det. Kommunane må dekka ein del av kostnadene med dette. Til no er det produsert katalogar og kart for Lærdal, Sogndal, Høyanger, Bremanger og Hornindal. Fjaler og Balestrand er snart ferdige, og Årdal skal sluttføra innsamlinga og få laga kart og katalogar i 1994.

FORSKRIFTER OM SKRIVEMÅTEN M.V. AV STADNAMN

Fastsette av Kulturdepartementet 5. juli 1991 med heimel i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn § 12 og Regjeringas res. 4. juli 1991, og lov 19. juni 1970 nr. 69 om offentlighet i forvaltningen § 8, med endringar av 14. oktober 1993. Desse forskriftene avløyser føresegner om stadnamn fastsette ved Kronprinsregentens resolusjon 31. mai 1957.

Kapittel I. Definisjonar

§ 1-1 Definisjonar

Med nedervde stadnamn er meint stadnamn som er munnleg overleverte frå tidlegare generasjonar, som har vore vanlege på staden, og som framleis er i levande bruk.

Med lydleg lånte stadnamn er meint ei rekkje av lydkombinasjonar som er lånte frå eitt språk til eit anna.

Med den nedervde lokale uttalen er meint den uttalen som er munnleg overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk.

Med namneobjekt er meint staden, punktet, linja, området, anlegget osv. som har eller får namn.

Kapittel II. Skrivemåten av stadnamn

§ 2-1 Generelle reglar om skrivemåten

Ved namn på større og/eller særleg kjende lokalitetar skal det takast omsyn til innarbeidd skrifttradisjon.

Utanlandske namn, nyare personnamn og reint litterære namn treng ikkje normerast etter gjeldande rettskriving.

Målføreformer som ikkje utan vidare kan setjast i samanheng med kjende ord, treng ein ikkje normere til nasjonale samleformer.

I avveginga mellom ulike omsyn skal ein leggje vekt på nasjonal einskap i namneverket og tidlegare normeringspraksis så langt det let seg sameine med lova.

§ 2-2 Normering av lydleg lånte stadnamn

Det bør skiljast mellom tilfeldige og innarbeidde namneformer. Tilfeldige namneformer bør skrivast i samsvar med reglane i opphavsspråket.

Lydleg lånte namn som ikkje har fast uttale, skal skrivast i samsvar med reglane i opphavsspråket dersom forma finst der. (Døme: *Ádjit*. På grunn av fleire ulike uttalevariantar blir namnet normert etter opphavsspråket, som er samisk.)

Lydleg lånte namn som har fast uttale og tradisjon, skal skrivast i samsvar med reglane for det språket namnet er lånt inn i. (Døme 1: norsk *Badderen* av samisk *Báttar*, finsk *Paattarí*. Døme 2: norsk *Kiberg*, finsk *Kiiperi*.)

Om føreleddet i eit namn ikkje blir brukt i eit sjølvstendig namn på opphavsspråket, blir namnet skrive etter språket i etterleddet, t.d. *Gaiskikotavatnet*, *Tjorteberget*. I andre tilfelle skriv ein føreledd og etterledd i samsvar med opphavsspråket til kvart av ledda, t.d. *Ansamellabakken*, *Varttovaaragropa* og *Lallakuruvegen*.

§ 2-3 Reglar om skrivemåten av norske stadnamn

Ved fastsetjing av skrivemåten skal det veljast ei hovudform eller sideform i den målforma som høver best med den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast nasjonale samleformer, regionale samleformer eller reine målføreformer når særlege grunnar talar for det.

Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel rette seg etter rettskrivinga med følgjande unntak og presiseringar:

a. Kjønn og tal

Grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform og bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter målføret.

b. Samansetjingsmåte

I samansette namn skal ein som hovudregel bruke den samansetjingsmåten som samsvarer med målføret.

c. Dativ

Når dativforma er eineform, bør ho brukast. Dativ fleirtal får endinga *-o* eller *-om* etter målføret.

d. Lydverk

Ein skal nytte monoftong (enkeltvokal) eller diftong (samband av to vokalar) i samsvar med målføret. I område med monoftongering skal ein som hovudregel bruke monoftong når denne fell saman med ei hovudform eller sideform i rettskrivinga (*strøm* når uttalen er *strømm*). Når monoftongen ikkje er representert i rettskrivinga, kan ein bruke diftong (*straum* når uttalen er *strô:m*).

I jamvektsformer skal som hovudregel rotvokalen og den trykklette vokalen i andrestavinga skrivast i samsvar med uttalen i målføret (*Furumyra, Fyrimyra*). Den intervokaliske konsonanten kan skrivast lang eller kort på same måten (*hag(g)an, (håg(g)ån, stug(g)u, ståg(g)å*). Overvektsord som blir bøygde som jamvektsord (*bakka, tanga*), skal skrivast etter same prinsippet som jamvektsorda.

I område med uttalen *b, d, g* for *p, t, k* skal ein som hovudregel nytte skrivemåten *b, d, g*.

Ein kan nytte *gv* for gammalnorsk *hv* i område som har denne uttalen.

Konsonantsambanda *sl, tl, ft, pt, fs* og *ps* kan skrivast i samsvar med målføret. I målføre med konsonantsambanda *mb* og *rs*, kan desse nyttast.

For målføre med "tjukk l" av gammalnorsk *rð* skal i regelen *rd* brukast (*skard, urd*).

I område med uttalen *nn* for *rn* i tjørn/tjern skal ein som hovudregel nytte skrivemåten *nn*.

Målføreformer som har nær samanheng med gammalnorske former, kan nyttast (*lid* for *li*).

e. Bøyingsverk

Eintal

Hankjønnsord får i bunden form endinga *-en* eller *-n* i samsvar med målføret.

Sterke hokjønnsord får i bunden form som hovudregel endinga *-a*. Når målføret har endinga *-i* eller *-ei*, nyttar ein *-i*. Bergensk får *-en*. Når særlege grunnar talar for det, kan endingane *-na* eller *-ni* nyttast.

Svake hokjønnsord får i bunden form som hovudregel endinga *-a*. I det austlandske og trøndske målføreområdet rettar ein seg etter det einskilde målføret med omsyn til utlydande vokal i jamvektsord (*-a*, *-u*, *-o*, *-å*). Bergensk får *-en*.

Fleirtal

I bunden form kan artikkelen få ei eller to stavingar i samsvar med målføret.

Ein nyttar endinga *-an(e)* når målføret har *-an(e)*, *-ain(e)*, *-ana*, *-adne*, *-ad'n/-at'n*, *-æn(e)*, *-æin*. Når målføret har *-en(e)*, *-ein(e)*, *-en(a)*, *-edne*, *-ed'n/-et'n*, *-'n*, nyttar ein *-en(e)*. Der målføret har *-in(e)*, *-un(e)*, *-a*, kan ein rette seg etter målføret. Inkjekjønnsord får endinga *-a* eller *-i* når det er samanfall med bunden form eintal av sterke hokjønnsord.

§ 2-4 Skrivemåten av samiske namn

Ved fastsetjing av skrivemåten av samiske stadnamn skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i nordsamisk, lulesamisk eller sørsamisk. Nordsamisk rettskriving skal brukast i Finnmark, Troms og i Nordland sør til Ofotfjorden-Efjorden. Lulesamisk rettskriving skal brukast herfrå og sørover til Dunderlandsdalen-Langvatnet-Vesterdalen-Glomfjorden. Lenger sør skal sørsamisk rettskriving brukast. I grenseområda for dei einskilde språkområda skal ein nytte den rettskrivinga som høver best med den nedervde uttalen. Dersom det er nytta fleire samiske namn på same namneobjektet, skal det eldste namnet som hovudregel brukast av det offentlege.

Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving. Dialektformer av namn og namneledd som ikkje førekjem andre stader, kan ein skrive i samsvar med den lokale uttalen.

I skrivemåten kan det takast omsyn til den regionale eller lokale uttalen når det ikkje bryt med rettskrivingsprinsippa eller fører til mistyding. Når den regionale eller lokale uttalen er einerådande, eller er den mest utbreidde eller eldste tradisjonen i sitt område, kan han leggjast til grunn for skrivemåten med følgjande presiseringar:

a. I nordsamiske område kan det takast omsyn til dei mest særmerkte draga i sjøsamiske dialektar, som mangel på klusilforslag i visse sentralkonsonantar (t.d. *vuonna* – *vuotna*) og førekomst av spirant eller halvvokal føre *c, č, s, š,* og *t* (t.d. *bávti* – *bákti*).

I dei dialektområda der *-v-* svarer til *-b-* i skriftspråket, kan *-v-* brukast (t.d. *rievan* for *rieban*). Likeins kan ein i det austlege dialektområdet skrive *-k-, -p-* eller *-t-* mellom 2. og 3. staving (t.d. *vuojatan-* for *vuojahan-*).

Fordelinga av utlydskonsonantane *-b, -d, -g, -k, -m, -n, -p* og *-t* kan følgje lokal uttale.

Når eit namneledd er forkorta i samansetningar, skal det skrivast etter den lokale uttalen, men likevel i samsvar med rettskrivingsprinsippa (t.d. *Muohtajárgeahči, Govdavárorda*).

b. I sørsamisk kan ein skrive *ï* og *ïe* som *i* og *ie*. Samanfall av vokalar i trykklett staving kan komme til uttrykk i skrivemåten. Den lokale uttalen kan elles komme til uttrykk i desse høva:

- ved samanfall av lang *a* (skriven *a*) og *oe* (t.d. *bealloe* – *bealla*),
- ved samanfall av *å* og *a* i det sørlege området (t.d. *dålle* – *dalle*),
- ved fordelinga av *m* og *b* i innlyd i det nordlege området (t.d. *laemtjie - laebtjie*),
- ved samanfall av *s* og *sj, ts* og *tj* og *n* og *nj* i visse posisjonar i det sørlege området (t.d. *biesjie - biesie*).

I avveginga av dei ulike omsyna skal ein leggje særleg vekt på at stadnamna får ein mest mogleg einskapleg skrivemåte innanfor det samiske språkområdet.

§ 2-5 Skrivemåten av finske stadnamn

Ved fastsetjing av skrivemåten skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen med følgjande presiseringar:

Konsonantisme

a. Svakt stadium av *t* skal skrivast *đ* (t.d. *pahta*, gen. *pahđan*, *poto*, gen. *pođon* i Porsanger) eller med bortfall andre stader.

b. Ein halvvokal som har oppstått når to vokalar i etterfølgjande staving har komme ved sida av kvarandre (hiatus), skal ikkje skrivast (t.d. *lauantai*, ikkje *lauvantai*).

c. Dei opphavlege (genuine) uaspirerte klusilane *k, t, p* skal skrivast *k, t, p* (t.d. *Ranta*, ikkje *Randa*, *Kaakkuri*, ikkje *Gaagguri*, *Törmänpää*, ikkje *Dörmänbää*).

d. Konsonantsamband som er assimilerte i det etterkommande namneleddet, skal skrivast etter opphavsforma (t.d. *Alattionvuono*, ikkje *Alattiovvuono*, *Törmänpää*, ikkje *Törmämpää*, *Isotkaltiot*, ikkje *Isokkaltiot*).

e. Ein opphavleg *h* som følgjer ei opphavleg trykklett staving, skal skrivast *h* (t.d. *Puthaanranta*, ikkje *Puttaanranta*, *Taivhaankuru*, ikkje *Taiffaankuru*).

Vokalisme

f. *Ö* oppstått ved labialisering skal skrivast *e* (t.d. *selkä*, ikkje *sölkä*).

g. *U* eller *y* som har oppstått ved vokalheving, skal skrivast *o* eller *ö* (t.d. *Ulkoniemi*, ikkje *Ulkuniemi*).

h. Ved samansmelting av vokalar mellom to stavingar (*ea* → *ee*, *ia* → *ii*, *io* → *ii*, *ua* → *uu* osv.) skriv ein det opphavlege lydsambandet (t.d. *valkea*, ikkje *valkee*, *haltia*, ikkje *haltii*, *kurkkio*, ikkje *kurkkii*, *fierua*, ikkje *fieruu*).

i. Adjektiv av typen *-inen* skal skrivast med *i* (t.d. *Punainenpahta*, ikkje *Punanenpahta*).

j. Ein halvlang vokal skal skrivast enkel eller dobbel i samsvar med opphavsforma (t.d. *Hametniemi*, *Harmaakallio*).

Når det gjeld samanskriving, særskriving eller skriving med bindestrek, skal ein følgje dei prinsippa som gjeld for rettskriving av finske stadnamn i Finland.

Gamle finske stadnamn på Austlandet som er tekne opp i norsk, skal følgje norske rettskrivingsprinsipp. Ein skal leggje den nedervde lokale uttalen til grunn, men slik at ein gjennomfører regionale samleformer for vanlege namneledd.

Kapittel III. Bruk av stadnamn

§ 3-1 Eittspråklege namn

Når eit namneobjekt har berre eit norsk, eit samisk eller eit finsk namn, skal dette namnet brukast utan omsetjing.

§ 3-2 Bruk av fleirspråklege namn

Dersom eit namneobjekt har samisk og/eller finsk namn i tillegg til eit norskspråkleg namn, og dei er i bruk blant folk på staden, skal som hovudregel begge eller alle namna nyttast.

I samanhengande tekst bruker ein det namnet som samsvarer med språket i teksten.

På skilt eller på kart o.l., der det blir brukt meir enn eitt namn, skal rekkefølgja til vanleg vere norsk, samisk, finsk. I forvaltningsområdet for samisk språk skal rekkefølgja til vanleg vere samisk, norsk, finsk.

Der det av praktiske eller tekniske årsaker er vanskeleg å bruke tre namn, skal det ved valet mellom samisk og finsk leggjast vekt på kva for eit namn som har lengst tradisjon og er best kjent på staden.

§ 3-3 Bruk av fleire skriftformer i same språket

Når ulike skriftformer har lang tradisjon eller er vel innarbeidde slik at det knyter seg sterke interesser til ei eller fleire av dei, kan det gjerast unntak frå regelen i § 4 andre ledd i lova. Namnet kan då ha fleire skriftformer i same språket, men ikkje på same namneobjektet.

Kapittel IV. Saksbehandling. Vedtak

§ 4-1 Saksbehandling

Saker om fastsetjing av skrivemåte av stadnamn må takast opp med det organet som etter § 6 andre til fjerde ledd skal gjere vedtak om skrivemåte. Organet skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak.

§ 4-2 Om vedtaket

Vedtak skal vere skriftlege. Det organet som gjer vedtak, skal sende melding til vedkommande kommune (ev. fylkeskommune, jf. § 7 første ledd), til andre offentlege organ som skal bruke namnet i tenesta eller er part i namnesaka, til namnekonsulenttenesta og til Sentralt stadnamnregister. Kommunen skal sende melding vidare til eigar/festar om vedtak om skrivemåten av bruksnamn.

Fagleg grunngiving for avgjerda skal givast samstundes med vedtaket for bruksnamn. Dei som har klagerett etter § 8 første ledd i lova, kan krevje å få grunngivinga etterpå for andre enkeltnamn. Grunngivinga skal vise til den regelen vedtaket byggjer på, og om nødvendig gi att innhaldet av denne regelen. Dei faglege føresetnadene og den vurderinga som ligg til grunn, skal også takast med.

Vedkommande kommune skal syte for å gjere vedtaket kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 8 første ledd i lova. Klagefristen er tre veker frå melding om vedtaket er kommen fram. Dersom meldinga skjer ved offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vart kunngjort første gongen.

Melding eller kunngjering om vedtak skal innehalde opplysningar om klagerett, klagefrist, framgangsmåte ved klage, vidare om rett til

å sjå saksdokumenta og om høve til å søkje om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga avgjord.

Kapittel V. Klageordning

§ 5-1 Klage

Klage skal sendast til det organet som har fastsett skriftforma. Med dei unntaka som går fram av §§ 7 og 8 i stadnamnlova, gjeld kapittel VI i forvaltningslova.

§ 5-2 Klagenemnda

Klagenemnda skal oppnemnast av departementet. Medlemmene blir oppnemnde for fire år om gongen.

Nemnda skal ha ein fast leiar og ein annan fast medlem oppnemnd på fritt grunnlag. I tillegg skal det oppnemnast ein språkkunnig representant for kvar av dei to offisielle målformene, ein eller fleire kunnige i samiske språk, og ein som er særleg kunnig i finsk. Medlemmene skal ha personlege varamenn.

Klagenemnda vil etter dette ha fire medlemmer ved behandlinga av norske stadnamn, elles minst tre medlemmer. Dersom røystetalet står likt, avgjer leiaren saka.

Når det gjeld norske stadnamn, er klagenemnda vedtaksfør når minst tre medlemmer er til stades, av desse leiar eller nestleiar. I saker som gjeld samiske eller finske stadnamn, må nemnda vere fulltalig, det vil seie leiar eller nestleiar, medlem oppnemnd på fritt grunnlag og den sakkunnige i samisk eller finsk.

§ 5-3 Verknad av klage

Underinstansen, klageinstansen eller eit anna overordna organ kan fastsetje at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjord.

Kapittel VI. Stadnamnkonsulenttenesta

§ 6-1 Rådgivingsteneste

Det skal oppnemnast to namnekonsulentar for norskspråklege stadnamn for kvart universitetsområde. Det skal også oppnemnast namnekonsulentar for nord-, sør- og lulesamisk og for finsk. Konsulentane blir oppnemnde på åremål for seks år om gongen.

Konsulentane skal gi råd og rettleiing til offentlege organ og andre som skal fastsetje skriftformer. Dei kan også gi råd i spørsmål om namnsetjing og elles svare på spørsmål om stadnamn og stadnamnbruk generelt.

Kapittel VII. Sentralt stadnamnregister

§ 7-1 Bruk og tilgjenge

Det organet som har gjort vedtaket, skal sende skriftleg melding til stadnamnregisteret ved Statens kartverk om det. Skriftforma blir ført inn i registeret.

Dersom eigar eller festar fastset skriftform som skal brukast av det offentlege etter § 5 første ledd i lova, skal han sende melding om det til stadnamnregisteret. Meldinga skal sendast gjennom kommunen.

Meldingar til stadnamnregisteret må innehalde desse opplysningane:

a. kven som har gjort vedtaket
b. dato for vedtaket
c. administrativ tilhørsel (fylke, kommune og sokn)
d. vedteken skriftform
e. språk eller språkform (norsk, finsk, nord-, sør- eller lulesamisk)
f. objekttype (grend, gard, veg/gate, postkontor, vatn, elv, nes osv.)
g. dersom to eller fleire namn blir brukte i same språkform om same namneobjekt, må det opplysast kva for namn som er mest brukt
h. geografisk posisjon vist på kartvedlegg i ein nasjonal kartserie

(Økonomisk kartverk, Norge 1:50 000 osv.) og med referanse til eit nasjonalt koordinatsystem

i. dersom namnet også ligg i GAB-registeret, må det opplysast om GAB-identifikasjonsnummer, t.d.
   - bruksnamn: kommunenummer (KOMM), gardsnummer (GNR), bruksnummer (BNR) og eventuelt festenummer (FNR) og seksjonsnummer (SNR)
   - veg-/gatenamn: gatekode

Alle som etter lova skal bruke stadnamn i tenesta, og andre som har bruk for eller interesse for stadnamn, kan vende seg til registeret for å få opplysningar.

Departementet kan fastsetje nærmare reglar om gebyr for utskrifter, avskrifter og kopiar frå registeret.

Kapittel VIII. Iverksetjing

§ 8-1 Endringane tek til å gjelde straks.

ORDFORKLARINGAR TIL FORSKRIFTENE TIL STADNAMNLOVA

Jamvektsord: Ord som i gammalnorsk hadde jamt trykk på hovudstavinga og endestavinga (t.d. haga, håg(g)å).

Overvektsord: Ord som i gammalnorsk hadde trykksterk hovudstaving og trykklett endestaving (t.d. bakke, slette).

Diftong: Samband av to vokalar (t.d. au, ei, øy).

Monoftong: Enkeltvokal (t.d. a, e, i).

Monoftongering: Samandraging av diftong (t.d. stein → sten, straum → strøm).

Intervokalisk konsonant: Konsonant mellom to vokalar.

Normere: Fastsetje skrivemåte; ord som "er normerte", er ord som har fått fastsett skrivemåte i godkjende ordlister.

Rettskrivingsprinsipp: Allmenne reglar for korleis lydar og lydkombinasjonar skal givast att i skrift (t.d. blir lang vokal skriven med éin vokal + éin konsonant som i tak på hus, medan kort vokal + lang konsonant blir skriven med éin vokal + to konsonantar som i takk for maten).

Gjeldande rettskriving: Den rettskrivinga som til kvar tid gjeld og som ein finn i godkjende ordlister. Omfattar både hovud- og sideformer.

Hovudform: Offisiell skrivemåte eller bøyingsform som kan brukast i all skriftleg framstilling.

Sideform: Offisiell skrivemåte eller bøyingsform som i ordlistene står oppført i klammer. Kan ikkje brukast i lærebøker og i statstenesta.

Normalortografisk: Som er i samsvar med offisiell skrivemåte, jf. ovanfor om hovudform og sideform.

Linne (svake) hokjønnsord: Hokjønnsord som endar på trykksvak vokal (t.d. ei slette, ei flate).

Sterke hokjønnsord: Hokjønnsord som endar på konsonant eller trykksterk vokal (t.d. ei bygd, ei li).

Omlydssubstantiv: Substantiv som har ulik vokal i hovudstavinga i eintal og fleirtal (kr*å* - kr*æ*rne).

Assimilasjon: Det at ein språklyd påverkar ein annan slik at dei blir heilt eller delvis like (t.d. tj*ønn*/tj*enn* av gammalnorsk *rn*).

Halvvokal: Språklyd som blir uttalt som ein vokal, men som fungerer som ein konsonant i språksystemet (t.d. j).

Labialisering: Uttale av ein språklyd ved å runde leppene (t.d. ø).

Hiatus: To vokalar som står ved sida av kvarandre utan å danne ein diftong (t.d. norsk ei bu - b*ua*).

Klusil: Lukkelyd (p, t, k, b, d, g).

Uaspirert klusil: Lukkelyd som blir uttalt utan pustelyd (p, t, k).

Spirant: Friksjonslyd, vislelyd (s, f, v).

Vokalheving: Det at ein vokal blir uttalt høgare opp i munnen (t.d. o → u, ø → y).

SAMISKE HUNDENAVN

1. Tidlig dokumentasjon om hunde- og husdyrhold

Det er trolig at befolkningen i Fennoskandia allerede i steinalderen hadde temmet hunden til hjelp for å jage vilt og skremme villrein og elg mot fangstgraver eller andre innretninger under jakten. På helleristningsfeltene i Alta finnes det flere figurer som forestiller hunder som jager elg. Disse figurene er datert til ca. 3000 f.Kr.

2. Hundenavn i samisk litteratur

I den samiskspråklige litteraturen ser det ikke ut til å være skriftbelegg for samiske hundenavn. Hverken Anders P. Bær eller Lars J. Hætta, som skrev sine erindringer på Akershus Tugthus 1854-63, nevner hundenavn. Det gjør ikke forfattere som Johan Turi (1910) eller Anta Pirak (1933), og heller ikke skjønnlitterære forfattere som Anders Larsen, Pedar Jalvi og Hans Aslak Guttorm. Det ble gitt ut lite samiskspråklig litteratur de første 20-30 år etter krigen. I Margrethe Wiigs ABC (Oslo 1951) finner vi et titalls samiske hundenavn, som Čuoris, Rukse, Hábba og Čammo. I Lind Meløys "Låkkangir'ji sámi- ja dárogillii" (Oslo 1965) er det to hundenavn, Runne ja Ránne. I boken "Niillas ja su sii'da" (Uppsala 1965), som Israel Ruong har oversatt og tilpasset etter Dahlquist & Haage: "På äventyr med Nila", nevnes et hundenavn, Saju. Inez Boons begynnerbok i samisk: "lás'se ja mát'te ruovtus" (Oslo 1967) har Čebu. Så går det minst ti år igjen før vi får et nytt skriftbelegg for et annet samisk hundenavn.

Det er ikke mangel på navnetradisjon, men det var ikke vanlig å legge vekt på folkelige kulturelementer og heller ikke å skrive om dem. Derfor er det fravær av samisk hundenavntradisjon i etnografisk og annen faglitteratur. Et unntak er Tuomo Itkonen: "Suomen lappalaiset" II (1948), der han under kapitlet om reindrift regner opp en rekke hundenavn som Jievja, Lurfe, Muste, Navgi, Benne m.fl.

I Konrad Nielsen og Asbjørn Nesheim: "Lappisk ordbok" IV (Oslo 1962) finnes en liste med 51 egennavn på hunder.

3. Område og informanter

Det materialet som legges fram, er relativt lite og begrenset. Området er fra Masi mot Kautokeino kirkested og sørover mot finskegrensen. Tidsrommet er fra informantene kan huske og fram til ca. 1950. Jeg har hatt flere informanter og foretatt intervjuer med dem:

Mathis Johansen Sara, f. 1924 i Kautokeino, har drevet med reindrift i hele sitt liv. Foreldrene drev med reindrift. De flyttet til Spalza, der han seinere hadde sin egen driftsenhet. Fra 1952 holdt han til i Láhkonjárga (Lang-

fjord i Alta), og etter 17 år der byttet han reinbeitedistrikt til Silda. Det var i 1969.

Susanne M. Hætta, f. 1909 i Kautokeino. Hun har bodd hele sitt liv i Kautokeino. Hun er intervjuet både om kunavn og hundenavn.

Hensikten har vært å finne ut hvilke navn som var vanlige slik de husker, og hvordan navngivningen foregikk.

4. Hundenavn

Informanten Mathis J. Sara kunne nevne en del vanlige navn på hunder som enten han selv eller andre hadde hatt: Bavka, Bittoš, Cigga, Cugo, Čalmmo, Čáhppe, Čebo, Čierggis, Digga, Dilko, Gálbo, Gáirris, Gemppo, Girjjon, Guvge, Hábo, Háipe, Hálle, Jarfe, Jorbe, Leđge, Loahcu, Lumbu, Lurve, Luvke, Muste, Ránne, Runne, Siekkis, Skuolfi, Snorri, Šáike, Virkko (33 navn).

Informanten Susanne M. Hætta hadde noen av disse navnene, men i tillegg hadde hun: Bárfot, Benne, Cukko, Lekko, Loartu, Luovke, Murjo, Vilko (8 navn).

Det er tatt med i alt 41 forskjellige navn, de fleste er navn på hannhunder. Bare tre — Bittoš, Cigga og Digga — er navn på hohunder. Informantene, spesielt Mathis J. Sara, ga uttrykk for at han hadde hatt mange flere navn, hvis han bare hadde fått tenkt seg om.

5. Karakteriserende navn

Bárfot, Bittoš, Čalmmo, Čáhppe, Čebo, Čierggis, Dilko, Gáirris, Girjjon, Guvge, Jarfe, Leđge, Lumbu, Lurfe, Lurve, Muste, Ránne, Runne og Skuolfi er alle navn som karakteriserer hunden enten ut fra pelsens farge, type el-ler lengde, eller en kombinasjon av disse egenskaper.

Čáhppe og Muste er begge svarte, det ene navnet er samisk og det andre finsk. Bárfot har kvite føtter, akkurat som en person som har på seg kvite skaller. Det samme gjelder for Bittoš, en hohund med helt kvite bein fra kneet og ned. Gáirris har lys pels, men svart snute. Lumbu, Lurve, Lurfe og Skuolfi kan ligne på hverandre fordi begge er kvite eller nesten kvite, og med langt lurvet hår, men Lumbu har uvanlig korte bein. Jarfe er en hund med tykk og lang pels, men Leđge er helt kvit, med kort, glinsende pels. Ránne har grå pels, mens Runne er brun. Guvge er lys i pelsen, men med rødbrunt skjær. Čebo og Virkko har en kontrastfarget ring rundt halsen, mens Dilko er kvit under buken. Jorbe har meget kort hale, mens Snorri har en hale som er snurret flere ganger. En hund med "avbrukne" ører kan få navnet Luvke, mens en samisk buhund med ører som henger forover, blir kalt Loahcu.

Både i disse navn og navn som Itkonen (1948) og Nielsen og Nesheim (1962) har publisert, er det overraskende få som går på lynne eller gemytt. Hábo har hissig gemytt, og glefser gjerne hvis den blir provosert. Gemppo henspeiler på et samisk ord for stilig, geampa. En hundehvalp som logrer og er blid, kan bli kalt Gemppo. Det tredje navnet som går på egenskap, er Háipe. Háippas betyr å være lettsindig, og en hvalp som viser tendenser til å være litt vill og lite trofast, kan få navnet Háipe hvis ikke pelsens form eller farge er mer dominerende enn gemyttet.

Odd Mathis Hætta
Alta

Dette er den andre av tre artikler Odd Mathis Hætta har skrevet for *Nytt om namn* om samiske husdyrnavn. Den første gjaldt samiske kunavn og stod i forrige nummer. Den siste kommer i neste nummer og inneholder en sammenligning mellom kunavn og hundenavn i samisk, med spesielt henblikk på navngivningsmotiv.

NAMN PÅ STATSINSTITUSJONAR

Det er ein innarbeidd føresetnad at statsinstitusjonar og andre statlege organ skal ha namneformer både på nynorsk og bokmål om det ikkje høver med sams skrivemåte i dei to målformene. Kulturdepartementet har gjeve ut eit rundskriv over slike namn som er ulike på nynorsk og bokmål. Rundskrivet heiter *Namn på statsinstitusjonar i begge målformer* (Rundskriv nr. V-51/88), og ein kan få det fritt tilsendt ved å skriva eller ringja til Kulturdepartementet, Postboks 8030 Dep., 0032 Oslo, tlf. 22 34 80 31.

NAMN OG NEMNE NR. 9/10

Av ymse grunnar har det drege ut med *Namn og Nemne* nr. 9, og redaksjonen har kome fram til at det nummeret som no er under prenting, skal vera eit dobbeltnummer, altså nr. 9/10, slik at ein kjem i rute att til neste år. Tingarane vil ikkje verta kravde for meir enn éin kontingent for dette nummeret (framleis kr. 130,-). Denne kontingenten er samstundes medlemspengar i Norsk namnelag for 1992 og 1993. Det vil seie at medlemmene får to nummer av *Nytt om namn* for 1992 og to nummer for 1993 utan pristillegg.

NYE FINSKE PERSONNAVNBØKER

I de senere årene har det kommet ut en rekke nordiske personnavnbøker. Som siste tilskudd foreligger to helt nye bøker om personnavn i Finland: *Personnamnsboken* av Marianne Blomqvist (Oy Finn Lectura Ab, Helsingfors, 1993, 286 s.) og *Iita Linta Maria. Etunimiopas vuosituhannen vaihteeseen* ('Iita Linta Maria. Fornavn framfor århundreskiftet', Suomalaisen Kirjallisuuden Seura, Helsinki 1993, 218 s.). Begge forfatterne har hatt tilgang til det best mulige materiale: hele navnetilfanget i det sentrale befolkningsregisteret, som omfatter alle Finlands innbyggere. Det er derfor mulig i begge bøker å gi uttømmende og pålitelige opplysninger om navneforråd og navnepopularitet.

Blomqvists bok er ment som "en handbok om finlandssvenskarnas förnamn och svenska släktnamn i Finland från medeltiden fram till 1990-talet". Boken er faktisk den første generelle fremstilling av finlandssvenske fornavn overhodet. Den bygger på både eldre og helt moderne forskning, inkludert forfatterens egne undersøkelser.



Eksempel på grafisk framstilling av navnebruk i Kiviniemis bok

Kiviniemi behandler det som har hendt den siste tiden i den finskspråklige delen av finsk personnavnforskning. Den nye boken fortsetter hans egen omfattende redegjørelse om finske personnavn i ulike tider i *Rakkaan lapsen monet nimet. Suomalaisten etunimet ja nimenvalinta* ('Kjært barn har mange navn. Finnenes fornavn og navnevalg', 1982). Nå gjør han rede for hvilke fornavn som ble gitt på 1980-tallet. Boken inneholder nøyaktige frekvensopplysninger for alle navn og oversikter over de mest populære første- og andrenavn. Han viser også hvordan antallet fornavn veksler fra tid til tid, og hvordan fremmedspråklige fornavn har kommet sterkere inn i det siste.

Ritva Liisa Pitkänen
Helsingfors

NAMNETOPPEN 1992

I ein artikkel i Ukens statistikk nr. 14/15 1993 presenterer Jørgen Ouren dei vanlegaste førenamna i landet i 1992. Grunnlaget for opplysningane er ca. 55 000 meldingar om namn på nyfødde som kom inn til folkeregistret dette året. Sidan ein har frist på seks månader til å melde frå om namn, er mange av dei som fekk namn i 1992, fødde i 1991. Likeins har mange som vart fødde i 1992, fått namn først i 1993. Tala i tabellen gjeld berre det første førenamnet. Namn som har ulike skrivemåtar (t.d. *Marte/Marthe*), er oppførte med den forma som er vanlegast i dette materialet.

Jenter		Gutar	
1. Silje	588	1. Kristian	696
2. Marte	585	2. Andreas	673
3. Camilla	555	3. Kristoffer	668
4. Ida	554	4. Martin	640
5. Karoline	549	5. Thomas	586
6. Kristine	542	6. Daniel	559
7. Maria	400	7. Marius	524
8. Cathrine	397	8. Joakim	521
9. Stine	375	9. Fredrik	502
10. Ingrid	325	10. Alexander	492
11. Julie	307	11. Stian	487
12. Malin	284	12. Ole	477
13. Helene	279	13. Anders	419
14. Christina	271	14. Lars	408
15. Linn	267	14. Eirik	408

Om lag fjerdeparten av både jentene og gutane har to førenamn. Dersom tabellen også hadde omfatta andrenamna, hadde rangeringa på visse punkt vorti annleis. Namnet *André* t.d. er svært vanleg som andrenamn (914), men altfor sjeldan som førstenamn (163) til å nå opp. Namnet *Kristian* er derimot populært både som første- og andrenamn, og vil med begge reknemåtane koma heilt i toppen. Elles legg vi m.a. merke til at *Kristine* blir det vanlegaste jentenamnet dersom vi reknar attåt varianten *Christina*.

Ouren viser òg namnetoppen i dei enkelte fylka og i Bærum. Ofte ser ein at namnemotar oppstår i "Oslo vest"-miljø og derifrå breier seg til andre delar av landet. Ouren meiner – med god grunn – at Bærum er meir representativ for desse miljøa enn Oslo under eitt er. Derfor har han teki

med Bærum særskilt. Eg har knytt saman dei ulike fylkestabellane for å sjå om namnebruken varierer geografisk. Hovudinntrykket er at jentenamna skifter meir enn gutenamna. Det er i alt 64 jentenamn som kjem på 20.plass eller betre i minst eitt fylke. Tilsvarande tal for gutenamna er 47. Sams for begge kjønna er at avvik dukkar opp litt her og der over heile landet. Eg skal gje nokre døme på slik geografisk variasjon.

Toppnamnet *Silje* er på 7.plass i Bærum og 13.plass i Oslo. Kanskje eit signal om at det alt har hatt si glanstid? *Marte* står òg svakt i Bærum (14. plass). *Camilla* heng noko etter på Nordvestlandet. *Stine* merkjer seg ut i Aust-Agder (1.plass). *Malin* er særleg nytta i Østfold (4.plass), venteleg på grunn av kontakten med Sverige. Av namn som ikkje når toppen på landslista, kan nemnast *Henriette* i Sogn og Fjordane (4.plass), *Maren* i Nord-Trøndelag (4.plass), *Mari* i Hedmark (2.plass), *Susanne* i Telemark (9.plass) og *Vilde* i Bærum (10.plass). Det siste har opplagt gode år i vente – rollebytte med *Silje*?

Blant gutenamna er *Daniel* på 1.plass i Sogn og Fjordane og Troms, *Joakim* på 1.plass i Finnmark, *Lars* på 1.plass i *Hedmark* og *Stian* på 1.plass i Oppland. Både *Kristian* og *Kristoffer* står svakast i Hedmark. *Thomas* ligg lågt i Bærum (18.plass), Oslo og Akershus og ser jamt over ut til å vera på nedtur. For ti år sidan var dette det vanlegaste gutenamnet her i landet. *Ole* varierer frå 2.plass i Sogn og Fjordane til uplassert i Sør-Trøndelag. Elles har *Ole* vori det mest stabile namnet på høgt nivå i vårt hundreår. Det gamle toppnamnet *Jan* kjem så vidt med i Aust-Agder og Rogaland, men er andre stader ute av listene. Av namn som ikkje står på landslista, er det grunn til å nemne *Jonas* i Nord-Trøndelag (2.plass), *Jørgen* i Nord-Trøndelag og Finnmark (5.plass og 6.plass), *Mats* og *Kenneth* i Finnmark (2.plass og 6.plass), *Kim* i Vest-Agder (5.plass) og *Håvard* i Sogn og Fjordane (13.plass). Alt i alt har Finnmark flest avvik i gutenamna.

KK

ADRESSER OG STADNAMN DEL 2

Handboka *Adresser og stadnamn. Del 2. Stadnamn i offentleg og privat bruk* er no under prenting, og Kommuneforlaget reknar med at boka kjem ut rundt 1. desember. Forfattar er Botolv Helleland.

BOK OM LISTAMÅLET

Den fulle tittelen på boka er *Listamålet. Grammatikk, ordbok, stadnamn og folkeminne.* Ho er skriven av Njål Vere på grunnlag av stoff som faren, Abraham Vere (1885-1972), i si tid samla og sende til Norsk Målførearkiv i Oslo. Abraham vann ferdig atten fullskrivne kladdbøker før han laut gje seg. Det meste av feltarbeidet gjorde han før 1950. Det er derfor særleg det gamle listamålet boka skildrar. Materialet blir no lagt fram i redigert form, og i tillegg har utgjevaren teke med ord, namn og uttrykk som han sjølv har skrivi opp. Boka er på 486 storvorne sider, men går likevel berre til ordet *farleg*. Det trengst to band til for å få alt med. Neste band blir truleg ferdig til års. Tradisjonsstoffet er attgjevi så nær opp til dialekten som ein kan koma med vanlege bokstavar. Vere nyttar berre 3-4 spesialteikn, mellom dei "ǫ" for ein viss *å*-lyd. Også folk som er ukjende med lydskrift, kan altså lesa boka utan vanske. Redaksjonsspråket er eit lokalfarga nynorsk.

Sidene er delte i to spalter. Fjerdekvar spalte (høgre spalta på høgre sida) er avsett til folkeminna, resten til ordboka. Stadnamna står alfabetisk i lag med dei andre orda. Under kvart gardsnamn er dessutan nemnt alle "småmamn" innanfor gardsvaldet. Dei fleste av desse finn ein òg på alfabetisk plass. Sentrale grunnord (t.d. *brot*) blir illustrerte med ei mengd namnedøme. Personnamn er ikkje samla systematisk (jf. tittelen), men mange har lell komi inn både i ordlista og i folkeminnedelen. I ordlista gjeld det oftast førenamn som òg er ledd i stadnamn eller har sett språklege far på anna vis. Både stadnamna og personnamna er som resten av stoffet skrivne etter uttalen. Det gjev mange interessante glimt av lokal namnebruk. Her berre eitt døme: Namnet *Erling* blir tradisjonelt uttala *Erlung* etter mønster av substantiva på *-ung* i dialekten (*meinung* for *meining* o.fl.). Som innleiing til ordlista gjev Njål Vere ei grundig innføring i lydverk og formverk i dialekten.

Ordlista er oppsett med raust skjønn. Her er eit rikt tilfang av lokalbundne ord, men òg mange ord som er gjengse i andre dialektar og i skriftmåla. Listerdåmen er det da først og fremst språkforma som syter for. Etter oppslagsordet følgjer avmerking av ordklasse, tilsvarande ordform i nynorsk, den gammalnorske forma i fall ordet er heimleg, eller ei tilvising til anna språk om det er eit låneord. Så kjem tyding og døme på bruken, eller berre bruksdøme; tydinga ser ein da av døma. Spalta for folkeminne inneheld mykje historisk stoff, m.a. frå krigsåra 1807-14. Andre emne er husskipnad, innbu, klede, skolestell, vermerke og ordtak. Dessutan ein god del personalhistorie. Vi får m.a. nokre soger om den store ordboksmannen Johan Fritzner, som var prest på Lista (Vanse og Farsund) 1848-62. Det var ikkje for ordbøkene soknebarna mintest han.

Når alle band av listamålet har komi ut, blir verket truleg den største bygdeordboka som finst. For faget vårt er det gledeleg at namna kjem så godt til sin rett. Både Abraham og Njål Vere har gjort eit imponerande arbeid. Kva form Abrahams oppskrifter har, veit eg ikkje – men som stoffet no ligg føre, ber det i alle fall fagmanns stempel. Band 1 har papir, trykk og innbinding av beste kvalitet, og sidene er fint og ryddig oppsette. Tittelsida har dessverre ein lei feil som må rettast i dei neste banda. Eg har òg notert nokre små mistak inni, t.d. at bergensmålet har hankjønn og hokjønn (s. 34). Det rette er samkjønn og inkjekjønn.

Boka er utgjeven på eige forlag og kan kjøpast gjennom Sparebanken Sør, 4560 Vanse, tlf. 383/91000. Ho kostar 300 kroner.

KK

PLACE NAMES IN ANDEBU

No har også Andebu fått si stadnamnbok, rett nok på engelsk. Det er den kanadiske namnegranskaren Christopher S. Hale som i *The Place Names of the Parish of Andebu* (Oslo 1993) legg fram ei gransking av namnematerialet i Andebu sokn. Det gjeld gardsnummera 1-68, og til saman er nærare 1300 namn omtala. Forfattaren har teke for seg både bustadnamn og namn på andre større og mindre lokalitetar omkring på innmark og utmark. Bustadnamna er handsama for seg, fyrst gardsnamna etter matrikkelnummer, så dei andre bruks- og plassnamna alfabetisk under kvar gard. Dei andre namna er ordna i flokkar etter terrengtype, t.d. namn på dyrka mark, namn på myrar, namn på høgder osv. Innan kvar flokk er namna sette opp alfabetisk etter grunnord. Ei slik oppstilling gjev eit godt inntrykk av namnetilfanget for dei einskilde terrenggruppene, men ei samla framstilling av ordmaterialet manglar. Namnetolkingane verkar stort sett plausible. Forfattaren har lagt vinn på å få med eit stort tal etterreformatoriske skriftbelegg for gardsnamna, såleis er *Nordre Slettingdalen* oppført med heile 82 belegg. Materialet er utførleg diskutert, og det er tydeleg at forfattaren har sett seg godt inn i norsk namnegransking. Det innleiande målføreoversynet viser ei sikker forståing av lydsystemet i dialekten. At boka er på engelsk, er kanskje ei ulempe for andebusokningane og mange andre nordmenn, men med tanke på ein internasjonal lesarkrins er språkforma opplagt ein føremon. Også norske lesarar med ein del engelskkunnskapar vil ha utbyte av dette arbeidet. Boka er på 231 sider og er utgjeven på Novus forlag.

BH

ANDRE LOKALE NAMNEBØKER

Navn i Eide. Ved Erling Føreid, Erling Helle, Tom Svennevig og Ole Petter Svennevig. Eide Sognelag 1991. 117 s.

Lokal innsamling av stadnamn har vind i segla, og etter kvart har det kome ut ei rekkje bøker der materialet er presentert i tiltalande publikasjonar. Eit slikt verk er *Navn i Eide* [i Aust-Agder], som i 1991 vart gjeve ut av Eide Sognelag ved dei ovannemnde medarbeidarane. Boka inneheld 1400 kartfesta namn. Av desse er ikring 200 kommenterte. Ansvarleg for denne faglege delen er Olav Hårtveit. Tilfanget er ordna i eit alfabetisk oversyn og i 11 grupper ordna etter kartblad. Det er nytta Økonomisk kartverk i nedfotografert storleik. Boka inneheld mange fine bilete, til dels i fargar.

Navn i Grimstad skjærgård. Av Reidar Marmøy. Selskapet for Grimstad Bys Vel 1991. 117 s.

I det ytre liknar denne boka mykje på *Navn i Eide*, men redigeringsprinsippa er ulike. I positiv lei dreg dei innleiande artiklane om namn og namnemiljø, der det m.a. er teke med utgreiingar om tabunamn og om namn som viser til vakt og vern. Det er gjeve til dels fyldige forklaringar av ein del einskildnamn, men språkleg kan det vera ein del å innvenda. Såleis er tolkinga av *Morskjær* og *Morvika* til gno. *már* 'måse' tvilsam; her burde i alle høve plantenemnet *maure* vore nemnt som ei mogeleg tolking. At forma *måse* skal ha oppstått av genitiv av *már*, er heller ikkje etter læreboka. *S*-innskotet her er eit avleiingssuffiks på eit eldre språksteg. Boka har eit alfabetisk namneregister på om lag 1100 namn med tilvising til kartrute og kartblad. Namneregister for kvart kartblad er ikkje teke med.

Stadnamn frå gardane i Odda samla på 1920-talet. Av Kristofer Eitrheim og Tormod K. Eitrheim. Utgjeve av Hardanger historielag 1992. 110 s.

Boka som no er utkomen, er ei nyredigering av eit stensilert arbeid som vart omtala i *Nytt om namn* nr. 14. Den førre tittelen var *Ord bruka i stadnamn ("innangardsnamn") frå Odda herad, åleine, til siste eller fyrste lekk*. Denne tittelen seier litt om kva redigeringsprinsipp som er nytta. Ord som førekjem i stadnamna, til saman 957, er førte opp alfabetisk, og under kvart oppslagsord er så dei einskilde namna forklara. Såleis finn ein *Furenipo* under både *Fure* f. og *Nipe* m. Oppsettet er likevel ikkje konsekvent. *Geitanalten* finn ein under *Geit* f., men ikkje under *Nalte* m. Det ser ut til at heller mange namn er førte opp berre under det eine av oppslagsorda som går inn i namnet. Eit lyte ved boka er dei mangelfulle uttaleopplysningane. I staden for dei mange forvirrande aksentteikna kunne ein ha ført opp mål-

føreformer med vanlege bokstavar pluss grav aksent (ˋ) for dei opne *u*- og *y*-lydane. Når dette er nemnt, må det framhevast at Odda her har fått ei svært verdfull namnesamling tilgjengeleg i bokform, og det er all grunn til å takka utgjevarane.

BH

NORSKE NAMN I MIDVESTEN

Norsk-amerikansk historielag, eller The Norwegian-American Historical Association som det heiter i Amerika, gjev ut eit lite meldingsblad som dei kallar *News Letter*. I nr. 86 (mai 1993) vert det opplyst at av 29 000 norsk-amerikanarar i Rowberg Bibliographical File har 1532, eller 5.3 prosent, slektsnamnet *Johnson*. Deretter kjem *Olson* med 981 (3.4 prosent) og *Nelson* med 880 (3.0 prosent). Den vidare rekkjefølgja er: 5) *Hanson*, 6) *Peterson*, 7) *Erickson*, 8) *Berg*, 9) *Lee* [< *Li*], 10) *Carlson*, 11) *Knutson*, 12) *Hagen*, 13) *Jacobson*, 14) *Swenson*.

Dei har òg laga statistikk over førenamn på norskamerikanarar fødde i åra 1900-1925, dvs. andre og tredje generasjons norskamerikanarar. Her kjem *John* og *Clara* på fyrsteplass, deretter *Arthur* og *Anna*, så *Oscar* og *Mabel*, og vidare: 4) *Clarence* og *Myrtle*, 5) *Carl* og *Olga*, 6) *Henry* og *Pearl*, 7) *George* og *Alice*, 8) *Melvin* og *Esther*, 9) *Robert* og *Ruth*, 10) *Elmer* og *Ida*.

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 1991. TILLEGG

Finstad, Håkon: Øya som skiftet navn. I: d.s. (red.): Jomfruland. Utg. av Jomfruland Vel — Jomfruland Hytteeierforening. Kragerø 1991:43-48.

Føreid, Erling, Erling Helle, Tom Svennevig og Ole Petter Svennevig: Navn i Eide. Utg. av Eide Sognelag. 117 s.

Marmøy, Reidar: Navn i Grimstad skjærgård. Utg. av Selskapet for Grimstad Bys Vel. Grimstad. 117 s.

Sandal, Per: På leit etter slekta. Oslo. 175 s. /Litt om namnebruken s. 160-164./

Stemshaug, Ola: Stadnamn og jarnvinne. I: Lars F. Stenvik (red.): Arkeo-metallurgi. Kurs ved Universitetet i Trondheim 11.-15. januar 1988 (Rapport arkeologisk serie 1991-1):101-109. Vitenskapsmuseet, Trondheim.

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 1992

Bibliografien er laga av Terje Larsen ved Avdeling for namnegransking. Innførslene er ordna alfabetisk utan omsyn til emne. Vi ber lesarane melde frå om feil og manglar.

Alander, Arild: Hva folk på Innset hette i 1801. I: Rennebu historielag. Årsskrift 1992:57-59.

Alhaug, Gulbrand: Lemmatisering av namnevariantar — ein nivåmodell basert på norsk materiale. I: Studia anthroponymica Scandinavica 10 (1992):115-150.

Aljoksjina, Maria: Ti funksjoner av ubestemt artikkel foran egennavn i norsk. I: Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1991:123-137.

Andersson, Thorsten: Det förkristna ordet *socken* i Norden. I: Namn och bygd 80 (1992):115-119.

Aune, Kolbjørn: Dagros og Semina. I: Nytt om namn. Nr. 15 - 1992:24-25. /Melding av Asbjørn Karbø og Kristoffer Kruken: Gullhorn og dei andre. Kunamn i Noreg. Oslo 1991./

Aune, Kolbjørn: [Melding av] Bjørn Borud og Ove F.S. Moe: Vi og våre tipper. En annerledes navnebok. Trøgstad [1990]. I: Studia anthroponymica Scandinavica 10 (1992):192-193.

Austigard, Bjørn og Kåre Magne Holsbøvåg: Meir om saltbrenning og saltnamn i Romsdalen. I: Romsdal sogelag. Årsskrift 1992:196-198.

Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1991. Oslo 1992. 137 s.

Bakke, Sigbjørn: Stadnamn i Gamle Fræna. I: Gammalt frå Fræna 1992:93-99.

Bakken, Kristin: *Hennike* og *Lydike*. Personnavn på *-ike* i norsk seinmiddelalder. I: Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1991:18-34.

Bang, Rune: Nikolaistrupen — stedsnavn og familiesoge. I: Lurøyboka -92. Årbok for Lurøy:92-99.

Birkeland, Gunhild: Dataregister av stadnamn og grunnord frå hovudoppgåver. I: Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1991:35-49.

Bjorvatn, Øyvind: Og kua heter Dagros ... I: Dengang — på våre kanter 1992:27-28. (Utg. av Historielaget for Dypvåg, Holt og Tvedestrand.)

Botolfsen, Yngve: Lufsjå — Himmelsjøen. I: Langs Lågen. Nr. 1 - 1992:20.

Botolfsen, Yngve: Stedsnavn i Veggliområdet. I: Langs Lågen. Nr. 1 - 1992: 16-19.

Botolfsen, Yngve: Navnegåter i Kongsberg. I: Langs Lågen. Nr. 1 - 1992:10-11.

Clark, Guri Solheim: Navneskikkene i Saltdal. I: Saltdalsboka 1992: 4-6.

Coleman, Nancy L.: Angloamerikansk påverknad? I: Nytt om namn. Nr. 15 - 1992: 12-16. /Kommentar til Anne Svaneviks art. "Norske fornavn i Amerika — angloamerikanske fornavn i Norge" i Botolv Helleland (red.): Norsk språk i Amerika. Norwegian Language in America. Oslo 1991./

Dataregistrerte nominative kilder i Norge. I: Heimen XXIX (1992):180-185.

Dyrdal, Kristian: Gardsnavna Hamnor og Stadum. I: Ringerike 1992-93 (Hefte nr. 64):42-43.

Dønnestad, Osmund: Stedsnavnene — de eldste levende vitner om våre forfedre. I: Tveit Historielag. Årsskrift nr. 3 - 1992:27-32.

Eftevåg, Ingvard: Innsamling av stedsnavn i Randesund. I: Randesund Historielag. Årsskrift nr. 7 - 1992:45-46.

Eikrem, Ivar, Haldor Sæter og Erling Sporsem: Stadnamn på Eikrem, Sæter og Sporsem. I: Aukra gjennom tidene 1992:31-39.

Eitrheim, Kristen D.: Elvenamnet Eitro. I: Hardanger 1992:93.

Eitrheim, Kristofer, og Tormod K. Eitrheim: Stadnamn frå gardane i Odda samla på 1920-talet. Utg. av Hardanger historielag. 110 s.

Ellingsen, Elling: Stedsnavn med spørsmålstegn. I: Lavangsminne. 17. årgang (1992):5-6.

Englund, Terje: Fra Fredrik Fløte til Anton Plassen – en kort presentasjon av tsjekkiske personnavn. I: Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1991:50-63.

Eskeland, Tuula: Om finske teignavn på Finnskogene i Norge. I: Gunilla Harling-Kranck og Lars Huldén (red.): Ägonamn:51-60. Uppsala 1992. (=NORNA-rapporter 50/Studier i nordisk filologi 71.)

Eskeland, Tuula: [Melding av] Finnemanntallet 1686. Utg. for Kjeldeskriftfondet av Erik Opsahl og Harald Winge. Oslo 1990. I: Studia anthroponymica Scandinavica 10 (1992):165-166.

Fellows-Jensen, Gillian og Bente Holmberg (red.): Sakrale navne. Rapport fra NORNAs sekstende symposium i Gilleleje 30.11.-2.12.1990. Uppsala 1992. 294 s. (=NORNA-rapporter 48.)

Hallberg, Göran: [Melding av] Botolv Helleland og Kristoffer Kruken (red.): Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Oslo 1991. I: Namn och bygd 80 (1992):206-208.

Hallberg, Göran: [Melding av] Botolv Helleland og Anne Svanevik (red.): Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 23. november 1990. Oslo 1991. I: Namn och bygd 80 (1992):208-211.

Harling-Kranck, Gunilla og Lars Huldén (red.): Ägonamn. Rapport från NORNA:s sjuttonde symposium på Svidja 24-26 maj 1991. Uppsala 1992. 207 s. (=NORNA-rapporter 50/Studier i nordisk filologi 71.)

Harsson, Margit: Gamle gårder og gårdsnavn i Hole. I: Ringerike 1992-93 (Hefte nr. 64):64-68.

Harsson, Margit: Om Storøya i middelalderen. I: Ringerike 1991-92 (Hefte nr. 63): 32-36.

Harsson, Margit: Tuppeskogen. I: Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1991: 64-69.

Haslum, Vidar: Gårdsgrensene i Birkenes – og på Agder. I: Agder Historielag. Årsskrift Nr. 68 (1992):103-128.

Haslum, Vidar: Farlig navnenormering i norskhetens navn. I: Nytt om namn. Nr. 15 - 1992:26-28.

Hedblom, Folke: [Melding av] Botolv Helleland (red.): Norsk språk i Amerika. Norwegian Language in America. Oslo 1991. I: Namn och bygd 80 (1992):191-193.

Helleberg, Odd Arne: Flere kommentarer til stedsnavn på Kongsberg. I: Langs Lågen. Nr. 1 - 1992:12.

Helleland, Botolv: Avdeling for namnegransking. I: Bøygen. Organ for fag, fagkritikk og miljø ved Avdeling for nordisk språk og litteratur. Universitetet i Oslo. Nr. 2 - 1992:9-10.

Helleland, Botolv: Namnegransking — ei grein av nordistikken. I: Bøygen. Organ for fag, fagkritikk og miljø ved Avdeling for nordisk språk og litteratur. Universitetet i Oslo. Nr. 2 - 1992:6-8.

Helleland, Botolv: Stadnamnnormering i 150 år. Ein balansegang mellom skrifttradisjon, etymologi, rettskriving og uttale. I: Finn Hødnebø o.fl. (red.): Eyvindarbók. Festskrift til Eyvind Fjeld Halvorsen 4. mai 1992: 95-107. Oslo 1992.

Helleland, Botolv: Filosofisk om namnetyding. I: Nytt om namn. Nr. 15 - 1992:36-37. /Omtale av Olav Asheims doktorgradsarbeid "Reference and Intentionality". (University of Oslo, April 1991)./

Helleland, Botolv: Proprium og leksikografi. I: Ruth Vatvedt Fjeld (red.): Nordiske studier i leksikografi:190-199. Oslo 1992.

Helleland, Botolv: Handbøker i namnsetjing. I: Nytt om namn. Nr. 16 - 1992:25-26. /Omtale av éi finsk og tre svenske handbøker i namnsetjing./

Helleland, Botolv: [Melding av] Gösta Holm: De nordiska *anger*-namnen. I: Mål og Minne 1992:185-198.

Helleland, Botolv: Semantiske kategoriar i teignamn. I: Gunilla Harling-Kranck og Lars Huldén (red.): Ägonamn:155-175. Uppsala 1992. (=NORNA-rapporter 50/ Studier i nordisk filologi 71.)

Helleland, Botolv: Ny utgåve av NAF Veibok. I: Nytt om namn. Nr. 15 - 1992:37-38.

Helleland, Botolv: Sakrale namn. Nokre forskingsoppgåver frå norsk synsstad. I: Gillian Fellows-Jensen og Bente Holmberg (red.): Sakrale navne:255-263. Uppsala 1992. (=NORNA-rapporter 48.)

Helleland, Botolv: Stadnamn på *Grim-*. I: Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1991:70-75.

Helleland, Botolv: -lag, -log, -låg. I: NONELex. Lexikon över nordiska ortnamnselement. NORNA 1992. 4 s.

Hellemo, Lars: Rett og rangt i namneverket i Rogaland. I: Ætt og heim 1992:29-45.

Holm, Gösta: [Melding av] Ola Stemshaug: Stridane om bynamna Fosna — Kristiansund. Oslo 1991. I: Namn och bygd 80 (1992):202.

Holsbøvåg, Kåre Magne: Sjå Austigard, B. og K.M. Holsbøvåg.

Holten, Ola J.: Er det merkelege ordet førskott ei utdøydd jordeining? I: Landbrukstidende nr. 3, 7. februar 1992:66-67.

Holten, Ola J.: Namn på hølane langs Surna. I: Du mitt Nordmøre 1992:25-38.

Ivars, Ann-Marie: [Melding av] Botolv Helleland (red.): Norsk språk i Amerika. Norwegian Language in America. Oslo 1991. I: Studia anthroponymica Scandinavica 10 (1992):180-181.

Jarnæs, Johan, Per Sunmann og Lars Trollerud: Om gårdene Bever og Bikjen — urgårder på Kongsberg med forhistoriske røtter? I: Langs Lågen. Nr. 2 - 1992:86-91.

Jordal, Øyvind S.: Elseber(g)-namnet. I: Hardanger 1992:98.

Kemi, Kjell: Sámi kulturmuittut — Samiske kulturminner. Håndbok i stedsnavnregistrering. I: Nytt om namn. Nr. 15 - 1992:7-8. /Omtale av Hans Ragnar Mathisen (red.): Sámi kulturmuittut. Samiske kulturminner. Tromsø 1991./

Knudsen, Tor Adler: Fra åsside til elveos — gamle navn. I: Rundtom. Lokalhistorie fra Drammen. Nr. 1 - 1992:18-23.

Knudsen, Tor Adler: Gårdene gav navn til bydelene — den gang Bragernes lå i Lier. I: Rundtom. Lokalhistorie fra Drammen. Nr. 1 - 1992:24-31.

Kraggerud, Beate: Djupinnsamling på historisk grunn. Stadnamn frå Lunner og Gran. Oslo 1992. 129 s. + namnelister. (Utrykt hovudoppgåve.)

Kruken, Kristoffer: Nordisk symposium om "andre namn". I: Nytt om namn. Nr. 15 - 1992:21-23.

Kruken, Kristoffer: [Melding av] Wilfried Seibicke: Vornamen. Zweite, vollständig überarbeitete Auflage. Frankfurt am Main 1991. I: Studia anthroponymica Scandinavica 10 (1992):183-186.

Kruken, Kristoffer: [Melding av] Eva Villarsen Meldgaard: Navnemode og modenavne. 6000 drenge- og pigenavne. København 1991. I: Studia anthroponymica Scandinavica 10 (1992):177-179.

Kruken, Kristoffer: Bør namnet *Birk* forbydast? I: Nytt om namn. Nr. 15 - 1992:10-12.

Kruken, Kristoffer: Kvinnenamna *Albjørg, El(d)bjørg, Hallbjørg* og *Helbjørg*. I: Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1991:76-86.

Kruken, Kristoffer: Studentarbeid om namn. Storfag i Volda. [Omtale av] Ellen Vigerstøl Hildre: Øyvind het han, og gråt — fordi de andre hette Even. Navnemoter og fornorsking av personnavn i Arendal, Flosta og Vegårshei 1840-1899. (Volda distriktshøgskule, våren 1992.) Mellomfag i Oslo. [Omtale av] Engebret Grøthe: Stølsnamn i Hemsedal. (Semesteroppgåve, våren 1992.) I: Nytt om namn. Nr. 16 - 1992:32-34.

Kruken, Kristoffer: Festskrift til Eyvind Fjeld Halvorsen. I: Nytt om namn. Nr. 16 - 1992:6-7. /Melding av Finn Hødnebø o.fl. (red.): Eyvindarbók. Festskrift til Eyvind Fjeld Halvorsen 4. mai 1992. Oslo 1992./

Kruken, Kristoffer: Ny svensk namnedagskalender. I: Nytt om namn. Nr. 16 - 1992: 30-31.

Kruken, Kristoffer: Studentarbeid om namn. Hovudfag i Oslo. [Omtale av] Frode Korslund: Gårdsnavn i Sør-Gudbrandsdalen sett i sammenheng med gårdenes størrelse. (Hovudoppgåve, hausten 1991.) Veslemøy Kvålen: "Og Olav het son og Olav het far". Bruken av førenamn i Vinje 1900-85 samanlikna med nokre andre område. (Hovudoppgåve, hausten 1991.) Hovudfag i Bergen. [Omtale av] Eilert Skjævestad: Stadnamn frå Tromøya. (Hovudoppgåve, våren 1991.) Mellomfag i Oslo. [Omtale av] Oddmund Vestenfor: Tilnavn i Sverresaga. (Mellomfagsoppgåve, hausten 1991.) I: Nytt om namn. Nr. 15 - 1992:40-46.

Kruken, Kristoffer: Kunamn — ein livskraftig tradisjon. I: Språknytt 2/1992:1-4.

Kvalø, Jann: Stud-navnet. I: Årbok for Namdalen 1992:18-24.

Kvalø, Jann: Rusch-navnet og dets opprinnelse. I: Årbok for Helgeland 1992:54-57.

Larsen, Terje: Ein allsidig humanist blir heidra. I: Nytt om namn. Nr. 15 - 1992:5-7. /Melding av Gulbrand Alhaug o.fl. (red.): Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991. Oslo 1991./

Larsen, Terje: *Oppåker* eller *Opaker*? Døme på ei namnesak etter den nye stadnamnlova. I: Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1991:87-89.

Leira, Vigleik: Innbyggjarar i Noreg. I: Språknytt 2/1992:16-17 og 3/1992:3-5.

Løkse, Olav: Varde, "viti" og grensevarslingsfjell. I: Årbok for Senja 1992:15-17.

Mathisen, Hans Ragnar: Samisk kart over Finnmark. I: Nytt om namn. Nr. 16 - 1992:20-21.

Mogstad, Lars og Edvard: På leiting etter *Stokkar* og *Hella* i Gíslasaga. I: Heimen XXIX (1992):244-248.

Moltumyr, Ragnar: *Fjotland* — framlegg til ny tyding. I: Nytt om namn. Nr. 16 - 1992:7-8.

Monsen, Robert: Navnebytte av elver i Rana. Gubbeltåga og Randalselva. I: Årbok for Rana. Bind XXV (1992):39-58.

Mundal, Else: Å snu namnet. I: Studia anthroponymica Scandinavica 10 (1992):77-79.

Mundal, Else: Heiðrún: Den mjødmjølkande geita på Valhalls tak. I: Finn Hødnebø o.fl. (red.): Eyvindarbók. Festskrift til Eyvind Fjeld Halvorsen 4. mai 1992: 240-247. Oslo 1992.

Myhren, Magne: Kvar er Logen? I: Dølaminne. Årbok for Hallingdal 1992:52-56.

Myhren, Magne: Til namnet *Usta*. I: Nytt om namn. Nr. 16 - 1992:11-12.

Myrvang, Finn: Namn på Grytøya. I: Håløygminne. Hefte 1 - 1992 (18. bind):385-390.

Myrvang, Finn: Hersøya — Hergiš. I: Håløygminne. Hefte 3 - 1992 (18. bind):435-436.

Myrvang, Finn: Samiske namnespor i Steigen. I: Årbok for Steigen 1992:39-46.

Navn skjuler historie. I: Borreminne 1992. Årsskrift for Borre Historielag:80-82.

Nesse, Olav: Skjer-, Skjel-, Skil- eller Skirdalen? I: Nytt om namn. Nr. 15 - 1992:29-30.

Norsk namnebibliografi 1991. I: Nytt om namn. Nr. 16 - 1992:35-46.

Nytt om namn. Meldingsblad for Norsk namnelag. Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken. Nr. 15 - 1992. Oslo 1992. 46 s. Nr. 16 - 1992. Oslo 1992. 46 s.

Orseth, Dag: "Sokrates startet ikke". Norske hestenavn — ei kort innføring. I: Norsklæreren 1/1992:36-38.

Ottesen, Johan: Stadnamn frå Sævikane. I: Folk og fortid. Tidsskrift for Herøy Sogelag 1992:86-89.

Ouren, Jørgen: Årets navn: Kristian og Marte. I: Samfunnsspeilet 2/1992:37-40.

Pene namn. Hundretals norske jente- og gutenamn med tyding. Ostereidet Mållag [1992]. 64 s.

Rabben, Bjarne: Nummer og namn. I: Folk og fortid. Tidsskrift for Herøy Sogelag 1992:22-25. /Om båtnamn./

Rian, Inge: Kulturhistorie. I: Heimen XXIX (1992):139-140. /Melding av Asbjørn Karbø og Kristoffer Kruken: Gullhorn og dei andre. Kunamn i Noreg. Oslo 1991./

Rimstad, Erling: Bosetting i Asker i eldre tider. I: Asker og Bærum Historielag. Skrift nr. 32, 1992:298-303.

Rogan, Bjarne: Oskar og Gaa Paa, Vanntrivsel og Svigermors Drøm. Norske lystbåtnavn i går og i dag. I: Norsk sjøfartsmuseum. Årsberetning 1991:59-102. Oslo 1992.

Rogan, Bjarne: Father and clown. On the nomenclature of Norwegian pleasure craft. I: MAST. Maritime anthropological studies. Vol. 5, No. 1, 1992:36-52.

Sandberg, Per-Øyvind: Sjå Stoa, N.J. og P.-Ø. Sandberg.

Sandnes, Jørn: Gjevsjøen. Et sjønavn i språklig og historisk lys. I: Namn och bygd 80 (1992): 83-89.

Sandnes, Jørn: Norske stedsnavn og hedensk kultus. En vurdering av Magnus Olsens teorier i lys av nyere forskningsdebatt. I: Gillian Fellows-Jensen og Bente Holmberg (red.): Sakrale navne:9-21. Uppsala 1992. (=NORNA-rapporter 48.)

Schmidt, Tom: Litteraturkrönika. Norge. I: Namn och bygd 80 (1992):137-145. (=NORNA-rapporter 49.)

Schmidt, Tom: *Rasmus* i Norge — et typisk nordfjordnavn? I: Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1991:90-122.

Schmidt, Tom: Jetmund. I: Studia anthroponymica Scandinavica 10 (1992):25-42.

Schulze, Johan Anthon: Stadnamn frå ei strekkje langs med Skien-Bandak-kanalen. I: Tidsskrift for Telemark Historielag. Nr. 13-1992:141-145.

Sellæg, Jo.: Navn på gård og grunn i Strømsgodset. I: Rundtom. Lokalhistorie fra Drammen. Nr. 1 - 1992:33-38.

Simensen, Trygve: Stedsnavn i Vegglifjell. Noen kommentarer til artikkelen i L[angs] L[ågen] nr. 1, 1992. I: Langs Lågen. Nr. 2 - 1992:75-76.

Sporsem, Erling: Sjå Eikrem, I., H. Sæter og E. Sporsem.

Stedsnavn — en levende kulturarv. I: Fortid og flyplass. Ny hovedflyplass på Gardermoen og virkningene på kulturminnene på Romerike. Akershus fylkeskommune. Kulturminneprosjekt Gardermoen 1992:89-96 med tillegget Stedsnavnlister s. 239-244.

Stemshaug, Ola: Stridane om bynamna Fosna — Kristiansund. I: Heimen XXIX (1992):123-124. /Kommentar til Finn-Erik Vinje: Stedsnavnhistorie, same nr. s. 55-57./

Stemshaug, Ola: [Melding av] Gordon Albøge o.fl. (red.): Analogi i navngivning. Uppsala 1991. (NORNA-rapporter 45.) I: Studia anthroponymica Scandinavica 10 (1992):163-164.

Stemshaug, Ola: Stadnamna *Stokkar* og *Hella* i Gíslasaga. I: Heimen XXIX (1992):116-122.

Stoa, Nils Johan og Per-Øyvind Sandberg: Våre røtter. Håndbok i slektsgransking for nybegynnere og viderekomne. Oslo 1992. 165 s. /Navneskikken i eldre tid. Identifisering ved hjelp av navn s. 32-33./

Stokke, Aasmund: Gisle Surssons saga — stedsnavnenes plassering på Nordmøre. I: Gjemnes-minne 1992:4-11.

Storemoen, Simen: Stedsnavn ved Bergsjø i Rollag. Teorier om navnedannelser fra Fossan til Rollag Prestegård. I: Langs Lågen. Nr. 3 - 1992:138-142.

Strandberg, Svante: [Melding av] Peter Hallaråker o.fl. (red.): Stadnamn i kystkulturen. Uppsala 1989. (NORNA-rapporter 41.) I: Namn och bygd 80 (1992):200-202.

Stølen, Anders: Sæbjørn-namn på Tysnes. I: Sunnhordland. Årbok 1992:77-89.

Stølen, Anders: Steffen-namn i Strandvik og Kvinnherad. I: Sunnhordland. Årbok 1992:90-98.

Sunmann, Per: Sjå Jarnæs, J., P. Sunmann og L. Trollerud.

Svanevik, Anne: Kommentar til "Angloamerikansk påverknad?". I: Nytt om namn. Nr. 15 - 1992:16-17. /Sjå Coleman, Nancy L./

Svanevik, Anne: [Melding av] Anders Malmsten: Namnbok for 90-talet. Stockholm 1991. I: Studia anthroponymica Scandinavica 10 (1992):171-173.

Syrstad, Ola: Namne-tradisjon. I: Årbok for Meldal historielag 1992:62-63.

Syrstadeng, Johan: Mer om namn. I: Årbok for Meldal historielag 1992:63-64.

Særheim, Inge: Litt om eldre bygde- og busetjingsnamn i Hjelmeland. I: Frá haug ok heiðni 3 (1992):38-46.

Særheim, Inge: -land. I: NONELex. Lexikon över nordiska ortnamnselement. NORNA 1992. 9 s.

Særheim, Inge: Sirdal. Namn og stader. 1. Namnetolkingar. Stavanger 1992. 430 s.

Sæter, Haldor: Sjå Eikrem, I., H. Sæter og E. Sporsem.

Sørensen, Steinar: Husebygårdene på Romerike. I: Romerikstun. Årbok 1992. Bind XVII:277-310.

Trollerud, Lars: Sjå Jarnæs, J., P. Sunmann og L. Trollerud.

Ulmo, Gunborg Songe: Kunavn i skiftebrev. I: Dengang — på våre kanter 1992:29-31. (Utg. av Historielaget for Dypvåg, Holt og Tvedestrand.)

Vinje, Finn-Erik: Stedsnavnhistorie. I: Heimen XXIX (1992):55-57. /Melding av Ola Stemshaug: Stridane om bynamna Fosna — Kristiansund. Oslo 1991./

Warberg, Thor: Haddingjadal. I: Dølaminne. Årbok for Hallingdal 1992:42-47.

Widmark, Gun: Farmen och Spangen — två oäkta vin-namn? I: Finn Hødnebø o.fl. (red.): Eyvindarbók. Festskrift til Eyvind Fjeld Halvorsen 4. mai 1992:347-353. Oslo 1992.

Widmark, Gun: Till diskussionen av namnet Oslo. I: Namn och bygd 80 (1992):57-64.

Aaby, Gudveig Henryette: *Helgeroa* — et "hellig kors"? I: Nytt om namn. Nr. 16 - 1992:8-11.

Aars, Ivar: Frå Kjøs og Loksrud til Melby og Remme. Frå Eindride og Jogrim til Peder og Jøssi. (Engelske klede for Valdresjord. Valdresdiplom 19. 1424-1430.) I: Årbok for Valdres 1992: 217-224.

Aars, Ivar: Frå kyr og kir til Blakken og Bujordbakkin. Um navn og nevning ved kyr og hest. I: Årbok for Valdres 1992:40-62.

Aas, Toralf: Stadnamn frå Søre Herefoss i Aust-Agder. Bergen 1992. 165 s. (Utrykt hovudoppgåve.)

Returadresse:
r namnegransking
ks 1011 Blindern
0315 OSLO

KONFERANSERAPPORTAR

1. *Nasjonal konferanse i namnegransking.* Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. 68 sider. Pris kr 20,-. (Hovudemne: Samiske namne-arkiv og utgjeving av bustadnamn.)

2. *Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking.* Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. 93 sider. Pris kr 30,-. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.)

3. *Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking.* Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. 120 sider. Pris kr 40,-. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.)

4. *Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking.* Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. 194 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.)

5. *Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking.* Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 150 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn. Tillegg: Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn, med merknader og forskrifter.)

6. *Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking.* Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 147 sider. Pris kr. 60,-. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.)

ISSN 0800 - 4676